«Stortinget ber Regjeringen fremme forslag om endring i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn, således at endring av bruksnavn ikke kan skje uten grunneiers samtykke.»

### **Komiteens merknader**

*Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Gunn Karin Gjøl, Britt Hildeng, Synnøve Brenden Klemetrud og Tove Karoline Knutsen, fra Fremskrittspartiet, Knut Gjerde og Karin S. Woldseth, fra Høyre, Olemic Thommessen, fra Sosialistisk Venstreparti, May Hansen, fra Kristelig Folkeparti, lederen May-Helen Molvær Grimstad, fra Senterpartiet, Magnhild Eia, og fra Venstre, Trine Skei Grande, vil understreke at stedsnavn er viktige kulturminner. Allikevel stiller komiteen spørsmål ved om kulturminnesynet er truet selv om skrivemåte av gårds-/bruksnavn tillates å avvike fra normert norsk og variere innenfor samme geografiske område, slik tilfellet har vært opp gjennom tidene. Komiteen vil påpeke at skrivemåte innført på et senere historisk tidspunkt enn navnets opprinnelse, allikevel er av relativt eldre dato og i henhold til datidens skrivemålsform. I et slikt perspektiv ligger det, etter komiteens oppfatning, også en historisk verdi i å kunne videreføre skriveformen fra den tid da en begynte å fastsette stedsnavn i skriftlig form.*

*Komiteen viser til brev fra statsråden til komiteen (vedlegg), der departementet åpner for en lovendring. Komiteen mener en lovendring bør innebære at loven tillater videreføring av nedarvet skriveform på gårdsnavn.*

*Komiteen mener videre at de ulike grunneierne i ei grend bør kunne opprettholde ulik skrivemåte, samt at det ikke behøver være samsvar mellom skrivemåten på gårds-/bruksnavnet og øvrige funksjoner av stedsnavn som sammenfaller med gårdsnavn i et geografisk område.*

*Komiteen mener derfor at det bør utredes å endre loven slik at kravet om at navnene skal følge gjeldende rettskrivingsprinsipper, ikke skal gjelde selve gård-/bruksnavnet, og at kravet om ensartet skrivemåte i ulike funksjoner oppheves. Komiteen mener at grunneieres synspunkt i saken bør tillegges særskilt vekt.*

*Komiteen mener dette vil balansere kulturminnevernet og grunneiernes interesser på en bedre måte enn praktiseringen av dagens lovverk.*

*Komiteen* anser det som nødvendig med endring i sammensettingen av klagenemnd for stedsnavnsaker for å sikre større legitimitet ved behandlingen av klagesaker.

*Komiteen* ber departementet komme tilbake så snart som praktisk mulig med en lovendring som sikrer bredere sammensetting av nemnda, hvor det tas hensyn til lekmannsrepresentasjon og tilstrekkelig uavhengighet fra vedtaksorganet.

*Komiteen* ser det som naturlig at de liggende klagesaker, hva gjelder gårds- og bruksnavn, stilles i bero til et nytt klageorgan kommer i arbeid.

### **Komiteens tilråding**

*Komiteen* viser til sine merknader og til dokumentet og rår Stortinget til å gjøre slikt vedtak:

Dokument nr. 8:58 (2007–2008) – om representantforslag fra stortingsrepresentantene Øyvind Halleraker og Olemic Thommessen om endring av bruksnavn uten grunneiers samtykke – vedlegges protokollen.

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 18. desember 2008

May-Helen Molvær Grimstad  
leder

Trine Skei Grande  
ordfører

### **TILLEGG 15.1.2009**

Framlegget frå familie- og kulturkomiteen vart førehavt i Stortinget 13. januar 2009 og vart samrøystes vedteke. I debatten meinte Trond Lode frå Rogaland (Sp) at den gjeldande lova kunne utnyttast betre når det galdt å ta vare på synet til grunneigaren. Elles var det ingen motførestellingar til framlegget. Samstundes streka fleire av talarane under at stadnamnlova var viktig for å ta vare på stadnamn som kulturminne. Kulturminister Trond Giske sa i sitt innlegg at departementet ville fylgja opp vedtaket med å førebu ein proposisjon. Arbeidet med ei utviding av klagenemnda ville derimot kunna påbyrjast straks sidan det kunne gjerast med grunnlag i føresegnene.

*Red.*

## KARTVERKET GÅR IMOT ENDRING AV STADNAMNLOVA

Statens kartverk går imot lovforslag om at endring i skrivemåten for gårds- og bruksnavn skal godkjennes av grunneier. Det er fremmet representantforslag fra stortingsrepresentantene Øyvind Halleraker (H) og Olemic Thommesen (H) om endring i lov om stadnamn. Forslaget går ut på at endring i skrivemåten for gårds- og bruksnavn skal godkjennes av grunneier.

Etter lov om stadnamn er Kartverket vedtaksinstans for skrivemåten av nedarvede gårds- og bruksnavn. Endringsforslaget er derfor av stor betydning for Statens kartverk.

Kartverket deltok på høringen i Stortingets familie- og kulturkomité tirsdag 21. oktober og fremmet sitt syn. Statens kartverk går imot forslaget og begrunner det slik:

- Stedsnavn, inklusive nedarvede gårds- og bruksnavn, er immaterielle kulturminner. Jf. lovens formålsparagraf. Skrivemåten av disse bør være et offentlig anliggende.
- De tradisjonelle gårds- og bruksnavna er blant de eldste og viktigste i kartsammenheng. Med eksisterende lov har vi kommet et godt stykke på vei med å rydde opp i alle tilfellene av at ett og samme navn på samme gårdsbruk skrives ulikt på forskjellige kartserier og i annen offentlig sammenheng.
- Hva skal være grunnlaget for skrivemåten av gårdsnavn hvis eierne av de forskjellige brukene under en gård har forskjellig mening om skrivemåten (*Vik, Vig, Wiig, Wiik, Wigh, Wiigh* osv.).
- Gårds- og bruksnavn er utgangspunkt for annen navnesetting, f.eks. som bygdenavn, navn på skoler, kirker og i adressering. Lovendringen vil medføre kontinuerlige diskusjoner om skrivemåten i disse sammenhengene.
- Sentralt stedsnavneregister (SSR) brukes i økende grad etter hensikten; Norges nasjonale register over stedsnavn i offentlig bruk, en veileder for skrivemåten av norske stedsnavn. Denne funksjonen blir borte. Bruk av stedsnavnsøk i web-applikasjoner blir stadig vanligere i vårt moderne samfunn. Viktigheten av at skrivemåten er forutsigbar, er innlysende.
- Internasjonal utvikling går i retning av offentlig autorisasjon av skrivemåter for stedsnavn og av standardisering i samsvar med landets rettskrivning.
- Kartverket mener gjeldende lov fungerer etter hensikten. Den ivaretar både kulturelle, faglige og demokratiske prinsipp (lokal høring, eiers mening skal tillegges særskilt vekt, det er en reell klageadgang).
- Det var høring i Stortinget 21. oktober. I tillegg til Kartverket var Samarbeidsnemnda for namnegransking, Nynorsklaget, Landslaget


for språklig samling, Noregs Mållag, Norsk namnelag og Navnebeskyttelsen Norge med på høringen. Familie- og kulturkomiteen ventes å avgi innstilling til Stortinget 18. desember. Det er planlagt at stortingsbehandlingen vil skje 13. januar 2009.

## NAVNESAKER I BYGDA VIK

Tabellen nedenfor inneholder en summarisk innføring i mulige konsekvenser for navnesaker i bygda Vik. I tabellen er lagt inn en kort presentasjon av *navnesak*, med informasjon om konsekvenser i forhold til *gjeldende lov i dag* og konsekvenser i forhold til foreliggende *lovendringsforslag*. Tabellen følger kartet på s. 38 fra øst (høyre) mot vest (venstre). Kartet og tabellen gir en innføring i de mest alminnelige problemstillingene i ordinære navnesaker.

1	<p><u>Navnesak</u>: Gårdsnavn/bruksnavn <i>Nes/Næss</i></p> <p><u>I dag</u>: Statens kartverk (heretter SK) vedtar <i>Nes</i> (etter lokal nedarvet uttale og rettskriving).</p> <p><u>Lovendringsforslag</u>: Grunneier vedtar <i>Næss</i>, i samsvar med skrivemåten av slektsnavnet. Forstyrrende faktor: Navnet på selve neset er <i>Storneset</i> (SK har vedtaksrett for naturnavn).</p>
2	<p><u>Navnesak</u>: Gårdsnavn og skiltnavn <i>Wiig/Moan/Wigh/Vik/Vig/Wich</i></p> <p><u>I dag</u>: SK vedtar <i>Vik</i> (nedarvet uttale og rettskriving)</p> <p><u>Lovendringsforslag</u>: Kompliserende faktor: Uavklart hvem som skal ha vedtaksrett for gårdsnavnet, og hvilken navneform som skal brukes (5–6 bruksnavn <i>Wiig/Moan/Wigh/Vik/Vig/Wich</i>, uenighet om skrivemåten av felles gårdsnavn).</p>
3	<p><u>Navnesak</u>: Bruksnavn <i>Wiig/Moan</i></p> <p><u>I dag</u>: SK vedtar <i>Østre Vik</i> (nedarvet uttale og rettskriving), med daglignavnet <i>Østervik</i>.</p> <p><u>Lovendringsforslag</u>: Grunneier vedtar <i>Moan</i>. Kompliserende faktor: Loven tillater ikke å skifte ut gammelt, tradisjonsrikt stedsnavn med navn uten tilknytning til stedet.</p>
4	<p><u>Navnesak</u>: Bruksnavn <i>Vik/Wigh</i> + holmenavn</p> <p><u>I dag</u>: SK vedtar <i>Vik</i> (+ daglignavnet <i>Lillevik</i>) og <i>Vikaholmen</i> (nedarvet uttale og rettskriving).</p> <p><u>Lovendringsforslag</u>: Grunneier vedtar <i>Wigh</i> (og derav følger <i>Wighholmen</i>). Kompliserende faktor: Neste grunneier vedtar <i>Vig</i> (+ <i>Vigholmen</i>). Neste grunneier vedtar <i>Vik</i> (+ <i>Vikaholmen</i>).</p>
5	<p><u>Navnesak</u>: Bruksnavn <i>Vik</i></p> <p><u>I dag</u>: SK vedtar <i>Vik</i> (nedarvet uttale og rettskriving), med</p>

	<p>daglignavnet <i>Midtvik</i>.  <u>Lovendringsforslag</u>: Grunneier vedtar <i>Vik</i>. Uavklart hvem som vedtar daglignavn.</p>
6	<p><u>Navnesak</u>: Bruksnavn <i>Vig</i>, samt navn på veger og skole  <u>I dag</u>: SK vedtar <i>Vik</i> + daglignavnet <i>Storvik</i> (nedarvet uttale og rettskriving). Kommunen vedtar vegnavn med forleddet <i>Vika-</i> (uttale). Fylkeskommunen vedtar skolenavnet <i>Vik</i>.  <u>Lovendringsforslag</u>: Grunneier vedtar <i>Vig</i>, kommunen <i>Vige-</i>, fylkeskommunen <i>Vig</i>.</p>
7	<p><u>Navnesak</u>: Bruksnavn <i>Vik/Wich</i> + navn på gravhaug, brygge, skjær, sjøbuer  <u>I dag</u>: SK vedtar <i>Vik</i> el. ev. <i>Vestre Vik</i> + daglignavnet <i>Vestervik</i>, samt <i>Vikahaugen</i> og <i>Vikaskjæret</i>. Fylkeskommunen vedtar <i>Vikabrygga</i>. Grunneier vedtar sjøbunavnet <i>Wich Brygge</i>.  <u>Lovendringsforslag</u>: Grunneier vedtar bruksnavnet <i>Wich Vestre</i>.  Vedtatt form skal, som hovedregel etter dagens lov, være retningsgivende for skrivemåten av navnet på haugen og skjæret og brygga (<i>Wich Vestre gravhaug</i>, <i>Wich-skjæret</i>, <i>Wich Brygge</i>).  Kompliserende faktorer: Skjæret er sameie med to andre bruk (<i>Vig</i>, <i>Vik</i>). Fylkeskommunen antar at bryggenavnet inneholder gårdsnavnet og følger utfallet i gårdsnavnsaken <i>Wiig/Moan/Wigh/Vik/Vig/Wich</i>.</p>
8	<p><u>Navnesak</u>: Navn på vatn (tre grunneiere) og bruk med oppkallingsnavn  <u>I dag</u>: SK vedtar <i>Vikavatnet</i> for vatnet og bruket (nedarvet uttale og rettskriving).  <u>Lovendringsforslag</u>: Grunneier vedtar bruksnavnet <i>Vikevand</i>.  Uenighet mellom grunneierne om skrivemåte av navn på vatn, SK følger trolig utfallet av saken <i>Wiig/Moan/Wigh/Vik/Vig/Wich</i>.</p>
9	<p><u>Navnesak</u>: Navn på fjellområde + setergrend + setrer  <u>I dag</u>: SK vedtar <i>Vikafjellet</i> + <i>Vikavollene</i> + <i>Østervikvollen</i>, <i>Lillevikvollen</i>, <i>Vikavollen</i>, <i>Vikavatnvollen</i>, <i>Storvikvollen</i> og <i>Vestervikvollen</i> (nedarvet uttale og rettskriving).  <u>Lovendringsforslag</u>: Uenighet om navn på felles fjellområde + navn på setergrend. Grunneierne vedtar navn på setervollene, i samsvar med hovednavnene på brukene: <i>Moanvollen</i>, <i>Wiigvollen</i> (→ deretter <i>Vigvollen</i> → deretter <i>Vikvollen</i> eller <i>Lillevikvollen</i>), <i>Vigevandsvollen</i>, <i>Vikavollen</i>, <i>Vigvollen</i> og <i>Wich Vestre Voll</i>.</p>



Eli Johanne Ellingsve  
e.j.ellingsve@iln.uio.no



## SKRIVEMÅTEN AV GARDSNAMNA VÅRE – KVEN SKAL BESTEMME?

Kven skal få lov til å bestemme korleis gards- og bruksnamn skal skrivast? Nasjonalbevegelsen Norge alias «Team Toten» har bestemt seg for at kvar og ein som eig ein eigedom, skal ha det siste ordet om korleis gards- og bruksnamn skal skrivast. Her har dei fått med seg to Høgre-politikarar, som har foreslått at lov om stadnamn blir endra slik at dette kan bli mogleg. Kva for konsekvensar får så dette? Om kvar og ein skal kunne bestemme skrivemåten av namn på eigne gards- og bruksnamn, opnar vi opp for eit vell av varierende skrivemåtar – skrivemåtar som kan komme til å skifte etter kvart som ein eigedom skiftar eigar.

Det som «Team Toten» omtalar som «tradisjonelle» skrivemåtar av stadnamn, t.d. *Hoel*, *Gihle*, *Rogneby* og *Hekshus*, er skrivemåtar som har komme til i ei tid då det rådde andre rettskrivingsprinsipp enn i dag – for å seie det på ein pen måte. Skrivemåtane tidlegare varierte mykje alt etter kven som skreiv. Stikkord er variasjon og inkonsekvens, for skrivedugleiken blant dei som skreiv ned namna, ymsa mykje. Dei som i dag har arva skrivemåtar frå tidlegare tider, har i alle fall ikkje fått overta skrivemåtar som er fastsette etter demokratiske prinsipp. Eigarane av gardar og bruk i tidlegare tider blei ikkje tekne med på råd om korleis namna skulle skrivast. Folk var vane med å bøye seg og godta – skrivedugleik var ikkje allemannseige tidlegare. Desse «tradisjonelle» skrivemåtane har blitt «trædd ned over hovudet» på folk utan «høyringsrundar» blant eigarane.

Det er ingen som nektar «Team Toten» og andre å skrive slektsnamna sine som dei ønskjer, men gardsnamna våre bør dei vise så mykje respekt at dei ikkje blir klassifiserte som «underbruk» av slektsnamna. Gardsnamna er primære, og dei har eksistert i lang tid, lenge før nokon fann på å etablere dei som slektsnamn. Gardsnamna er heller ikkje ein privat eigedom, sjølv om eigedommen som namnet viser til, er privat. Namna inngår i språkb Bruken til fellesskapet gjennom tida, og dei er derfor kollektive kulturminne som høyrer oss alle til. Lov om stadnamn har etablert reglar for korleis vi skal ta vare på stadnamn som kulturminne. Lova inneheld også reglar for saksbehandling som skal tryggje både rettane til fellesskapet og grunneigarar. Det står faktisk i forskriftene til lova at synet til grunneigar skal tilleggjast særskild vekt.

Den første namnegranskaren vår, Oluf Rygh, som leidde den regjeringsoppnemnde kommisjonen av 1878 som skulle fornorske stadnamna i den offentlege matrikkelen, var svært tydeleg på kva for verdi tilfeldige skrivemåtar av stadnamn hadde i normeringsarbeidet som kommisjonen var sett til. Rygh skreiv i 1897 om desse skrivemåtane at «... mange af disse skriftformer vare feilagtige, – ... Skrivemaaden ofte ... vaklende, saa at det samme Navn jevnlig kunde findes skrevet i meget forskjellige Former, – at

der var mange Inkonsekventser, og at der i altfor mange Tilfælde fandtes Divergentser mellem Skriftformen og den Form, hvori Navnet lød i daglig Tale paa vedkommende Sted, – Divergentser, som vare ganske unødige og rent tilfældigt fremkomne». Vidare talar han også om «... disse Navneformer fra de senere Aarhundreder, hvis Afvigelser ofte blot ere rent ortografiske, og som desuden mangan Gang ere feilagtige og i ethvert Fald fremtræde i de Tidens yderst ubehjælpelige Retskrivningsform».

Gjennom lang tid har folk blitt vane med å godta og jamvel rekne som rett og riktig det som blir servert utanfrå, eller skal vi seie ovanfrå. Det skrivne ordet, og dei nedskrivne namna, uansett om dei er rangskrivne, nyt stor respekt. Her trur eg problemet ligg for mange som meiner at gamle feilaktige skrivemåtar er «dei rette skrivemåtane». Dette var også eit problem som Oluf Rygh omtalar i skrivet frå 1897 etter at han har arbeidd mykje med å samle inn den nedervde lokale uttalen av stadnamna, som Rygh såg på som ei heilt naudsynt kjelde for å kunne rette opp inkonsekvensar og rangskrivningar i namneverket. Sjølv om den nedervde lokale uttalen av stadnamn var forbausande godt tradert ned gjennom tida, så var det ei utbreidd oppfatning blant folk at dei munnlege formene ikkje var rette former. Rygh kommenterer dette slik: «... Folket omkring i Bygderne [har] med prisværdig Troskab holdt fast ved de gamle Former, men det er meget langt fra, at det har nogen Bevidsthed om, at deri ligger noget for-tjenstlig, ligesom man heller ikke ret ofte støder paa nogen Forstaaelse af, at Bygdeformerne i Regelen ere rigtigere end Skriftformerne. Det lader til, at Bygdeudtalens Former, som daglig bruges af Bygdens Befolkning i indbyrdes Samkvem, opfattes som Former af lavere Rang, der er gode nok til dagligdags Brug, men som det ikke er sømmeligt at anvende i Skrift eller i Samtale med Folk, der ikke selv tale vedkommende Bygds Maal.» Problemet på slutten av 1800-talet rir oss dessverre like mykje i dag som då. Vi har hatt dialektreising her i landet, men når skal turen komme til å reise respekten for dei nedervde formene av gards- og bruksnamna våre?

Aud-Kirsti Pedersen  
aud.kirsti.pedersen@hum.uit.no

## **STEDSNAVN OG SLEKTSNAVN ER TO FORSKJELLIGE TING!**

I skrivende stund blir stadnamnlova livlig diskutert. To stortingsrepresentanter, Øyvind Halleraker og Olemic Thommessen, har fremmet representantforslag om at «endring av bruksnavn ikke kan skje uten grunneiers samtykke» (dok. nr. 8:58 [2007–2008]). I denne anledning mener jeg det er av største viktighet for fagmiljøet å si ifra om at det blant navnegranskende

språkforskere eksisterer en forståelse av studieobjektet som er entydig og som er slik: *Stedsnavn og slektsnavn er to forskjellige ting og må behandles som to forskjellige ting.*

Et par eksempler: Stedsnavnet *Brunstad* og slektsnavnet *Brunstad* er to forskjellige ting. Stedsnavnet *Lauvdalen* og slektsnavnet *Løvdalen* er også to forskjellige ting. Slektsnavnene *Løvdalen*, *Løvdal* og *Løvdahl* er tre forskjellige ting, og noe annet enn det ene stedsnavnet disse tre forskjellige slektsnavnene har opphav i (et eksempel fra Kragerø kommune).

Utenfor fagmiljøet kan vi selvsagt ikke forvente å finne noen tilsvarende gjennomtenkt forståelse av de respektive studieobjektene. Blant den jevne kvinne og mann må vi tro at det finnes en noe diffus og uavklart oppfatning av hvordan relasjonene mellom stedsnavn og slektsnavn er. Fordi svært mange norske slektsnavn har opphav som stedsnavn, vil vi fra tid til annen møte personer som tenderer å betrakte stedsnavn og slektsnavn som to sider av samme sak. Forslagsstillerne Halleraker og Thommessen hører tydeligvis blant disse. På faglig hold framstår en slik oppfatning som helt uakseptabel. I en faglig diskusjon blir det forutsatt at samtalepartnerne er innforstått med den entydige måten relasjonen mellom stedsnavn og slektsnavn betraktes på. Hvis ikke vil utsiktene til en meningsfull dialog raskt opphøre å eksistere. Det blir som å diskutere fargenyanser med fargeblinde. Det blir, for å si det mildt, en ganske stor utfordring.

Når en kommer til den konkrete normeringen av de enkelte navn, vil det ikke sjelden forekomme faglig tvil og uenighet, men det rokker ikke noe ved den felles faglige forståelsen som her er poengtert. Går vi til andre europeiske land, kan vi finne atskillig variasjon i hvordan normeringen praktiseres. Noe det likevel hersker stor grad av enighet om, er å tilstrebe normeringsrutiner for stedsnavn som sikrer stabilitet. I de fleste europeiske land blir skriftradisjonen da et viktig og naturlig støttepunkt, fordi skriftspråket de siste fire hundre år gjerne har vært stabilt. I vårt land er det ikke slik. Skriftnormene har i de siste fire hundre år faktisk vært ekstremt ustabile, og denne mangelen på stabilitet gjenspeiles på en forbilledlig måte i alle typer norske slektsnavn. Dette fordi norske slektsnavn ikke er blitt endelig skriftformet på én gang, men gjennom et langt forløp av tid. Ønsker vi stabilitet i skrivemåten av norske stedsnavn, er det bare én vei å gå: Vi må bygge på den lokale uttalen. Og når skrivemåten endelig skal fastsettes, må det tas hensyn til gjeldende norsk rettskrivning.

Hva slags innflytelse ulike interessegrupper skal ha i normeringsprosessen, er først og fremst et politisk spørsmål. Det som er viktig for faginstansene, er å sikre at avgjørelsene finner sted innenfor faglig forsvarlige rammer. Og da skal det ikke være noen tvil om hva dette innebærer: *Stedsnavn og slektsnavn er to forskjellige ting og må behandles som to forskjellige ting.* Dette er ikke noe synspunkt. Det er en faglig realitet. Og det må lovgivningen ta konsekvensene av. Selvsagt vil mye av lovgivningen bygge på

politiske oppfatninger og skjønn; det skulle i vårt demokrati bare mangle. Men å endre en del av lovverket på tvers av etablerte faglige oppfatninger, vil være høyst ekstraordinært og oppsiktsvekkende. Jeg vil gå så langt som å påstå at en slik endring av lover og regler vil være i direkte strid med grunnleggende prinsipper vi må forutsette at et lands lovverk bygger på.

Vidar Haslum  
vidar.haslum@uis.no

NORNA-NYTT

### NYTT NORNA-SYMPIOSIUM

I førre nummer av *Nytt om namn* vart det meldt om NORNAs 38. symposium, «Navnemiljøer og samfund i jernalder og vikingetid», som skal heldast på Ryslinge Højskole på Fyn 12.–15. mai 2009.

Her vil me òg melda om symposiet «Urban place names», som skal heldast i Helsingfors 13.–16. august 2009, sjå link til førehandsomtalen av symposiet på NORNAs heimeside: [www2.sofi.se/NORNA/NORNAnews.html](http://www2.sofi.se/NORNA/NORNAnews.html).

På denne heimesida får ein òg opplysning om bokutgjeingar i NORNA-regi.

BH

FN-NYTT

### NORDEN DIVISION-MØDE 2008

Danmark var i 2008 vært for det årlige møte i Norden Division, den nordiske gren af FN-organisationen UNGEEN (United Nations Group of Experts on Geographical Names). Norden Division er repræsenteret af medlemmer fra Norge, Sverige, Finland, Island, Danmark, Færøerne, Grønland samt de samiske områder i Nordskandinavien.

UNGEEN arbejder for en fælles international standardisering af geografiske stednavne med det formål at lette kommunikationen og forståelsen mellem folk. Organisationens fokusområder er standardisering på nationalt og internationalt plan, minoritetsstednavnerettigheder, exonym- og transkriberingsspørgsmål samt stednavnedatabaser og -lister.

Stedet for divisionsmødet var velvalgt; Danmark har i indeværende år overtaget formandskabet for Norden Division efter Finland. Mødet fandt

sted den 8.–9. oktober hos Kort- og Matrikelstyrelsen i København. Som optakt til divisionsmødet afholdt Stednavneudvalget den 7. oktober desuden et halvdagssymposium på Københavns Universitet Amager med fokus på et af UNGEGNs virkeområder.

### **Optaktssymposium**

Et centralt emne i UNGEGN-samarbejdet er sikringen af sproglige mindretals ret til anvendelse af egne stednavneformer. Dette emne var omdrejningspunktet i halvdagssymposiet den 7. oktober der havde titlen *Making linguistic minorities visible*. Symposiet havde oplægsholdere fra Skotland, Sápmi og Danmark, og emner som minoriteters ret til offentlig brug af stednavne (Kaisa Rautio Helander, Sápmi), implementering af stednavneskiltning af minoritetsstednavne (Guy Puzey, Skotland), konsekvenser vedrørende flersproget skiltning (Erik Randrup, Danmark) samt brug af minoritetsstednavne i Danmark (Peder Gammeltoft, Danmark) blev behandlet. Symposiet var velbesøgt, og oplæggene foranledigede en livlig, men tilbundsående og saglig debat.

### **Divisionsmødet**

De følgende dage, 8. og 9. oktober, var viet UNGEGN og Norden Division-samarbejdet. Dette års møde var ganske velbesøgt med repræsentation af alle lande. Dog var Færøerne desværre forhindret i at stille deltagere – men der var indleveret et memorandum af Kristin Magnussen. Efter at Norden Division-sekretæren John Jensen havde budt velkommen og åbnet mødet, blev der afholdt land for land præsentation af emnepunkterne: stednavnelovgivning, implementering af UNGEGN-resolutioner og sproglige minoriteter og stednavnebrug. Selv om alle Norden Division-lande har sproglove, er der ganske store forskelle i beskyttelse af stednavne, med alt fra deciderede stednavnelove, omtale i love om kulturminde til bekendtgørelser. Lovgivningsproblematikken inkluderede også punktet om implementering af UNGEGN-resolutioner, hvor fokus var på problemer med implementering af UNGEGNs resolution om memorialnavngivning af levende eller afdøde personer. Sproglige minoriteters ret til egen stednavnebrug har traditionelt set haft stor opmærksomhed i Norden Division-området, og dette mødepunkt gjorde status på udviklingen på området.

Næste år er Nairobi, Kenya, vært for det 25. UNGEGN sessionsmøde, og et centralt punkt i mødet var indholdet af divisionens rapport i denne forbindelse. Der blev truffet beslutning om at arbejde videre med ti mulige indholdsemner til rapporten. I anledning af at Afrika er vært for et UNGEGN-møde, arbejdes der på at inddrage flere afrikanske lande. Ét specifikt problem med at få inddraget de afrikanske lande er manglen på finansiel støtte til stednavneaktiviteter. Derfor opfordrede UNGEGNs formand Helen Ker-

foot de enkelte Norden Division-lande til at støtte større afrikansk involvering i UNGEGNs arbejde.

Derudover blev der informeret om arbejdet med forskellige transnationale projekter så som de fælleseuropæiske projekter EuroGeoNames og INSPIRE og om nyt fra diverse UNGEGN-arbejdsgrupper, f.eks. Working Group of Implementation and Evaluation, Working Group of Publication and Funding og Working Group on Toponymic Terminology. Enkelte Norden Division-medlemmer arbejder også med etableringen af stednavnedatabaser i geografiske informationssystemer (GIS), og to projekter fra hhv. Grønland og Danmark, NunaGis, en grønlandsk online GIS-portal med en stednavnedel, og DigDag – Digitalt atlas over Danmarks historisk-administrative geografi, et bevilget projekt 2009–2011 hvor lokalisering vha. stednavne spiller en stor rolle.

Mødets to sidste punkter angik dels stednavnebrug i elektroniske medier og internetapplikationer, hvor standardiseringspræcisionen i mange tilfælde enten er langt fra særlig god eller direkte forældet, og dels etableringen af en hjemmeside for Norden Division, se nedenfor.

### **Norden Division – nu på nettet!**

Et af de hurtigste resultater af mødet i København var etableringen af Norden Divisions hjemmeside, som blev lanceret allerede i slutningen af november. Hjemmesidens adresse er: <http://nordendivision.nfi.ku.dk/>. Hjemmesiden består til dels af information om UNGEGN og Norden Division, derudover findes der kortfattede oversigter over de forskellige UNGEGN-relevante forhold i de enkelte Norden Division-lande/sprogområder. Siden er i skrivende stund ikke helt komplet, men er for størstedelens vedkommende færdig.

Det er formandskabets håb at Norden Divisions hjemmeside vil blive stedet hvor man i Norden vil søge viden om international og national standardisering, transskribering, minoritetsstednavnebrug, exonymer samt om nationale og internationale stednavnedatabaser. Der skal hermed opfordres til at besøge hjemmesiden og læse det fulde referat af divisionsmødet i København!

Sluttelig skal der lyde en stor tak til Finland for kompetent ledelse af Norden Division de sidste fem år. På grund af deres effektive måde at lede Norden Division på har det været en smal sag at overtage formandskabet. Eneste problem er om det er muligt at leve op til standarden sat af Finland.

Peder Gammeltoft  
gammelt@hum.ku.dk  
Formand for Norden Division

## UNGEGN-MØTE I NAIROBI, KENYA, 5.–12. MAI 2009

Den 25. sesjonen i UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names) kjem saman i Nairobi, hovudstaden i Kenya, i tida 5.–12. mai 2009. Dette er fyrste gongen at ein UNGEGN-sesjon finn stad i Afrika. Nairobi er ein av dei få stadene i Afrika der FN kan arrangera større konferansar. Ein viktig grunn til at Afrika no vert vertsskap for UNGEGN-sesjonen, er at det nettopp er afrikanske land som har størst trong for kunnskap, utstyr og standardar for å samla inn og normera stadnamn. Noreg kjem truleg til å gje reisestøtte til fleire afrikanske deltakarar.

I tillegg til rapportar frå ulike divisjonar/land vil det verta særskilde presentasjonar, føredrag, arbeidsgrupper og plakatar som tek for seg ymse sider av innsamling og normering. Det er venta at alle dei nordiske landa sender representantar. Sjå elles meldinga frå Norden Division av Peder Gammeltoft annan stad i dette bladet.

BH

## ANNA MELDINGSSTOFF

### DOKTORGRAD I OSLO

Den 29. august 2008 forsvara Åse Wetås avhandlinga *Kasusbortfallet i mellomnorsk. Ein komparativ studie av proprialt og appellativisk materiale* for dr.art.-graden ved Universitetet i Oslo. Fyrsteopponent var professor Hans Olav Enger, Universitetet i Stavanger, og andreopponent professor Staffan Fridell, Uppsala universitet. Tredje medlem av komiteen var professor Jon Gunnar Jørgensen, Universitetet i Oslo.

Doktoravhandlinga slår fast at det norske språket byrja å missa kasusbøyinga av substantiv, adjektiv og pronomen i tida etter 1350. Før dette hadde norsk språk fire kasus, på same måten som moderne tysk. Eit hovudfunn i studien er at personnamn misser kasusbøyinga tidlegare enn andre ord i språket.

Dette kan best forklårast med at namna utgjer ei heilt spesiell gruppe av substantiva. Tilhøvet til ordtyding er monaleg annleis for namn enn for andre substantiv. Dei fleste har klåre førestellingar om kva eigenskapar som gjer at ein gjenstand kan kallast ein stol. Det er på den andre sida ikkje mogeleg å finna sams eigenskapar mellom alle dei som til dømes har namnet *Ola*. Dei har ingen særskilde «*Ola*-eigenskapar» som skil dei frå folk med andre namn. Desse spesielle tydingstilhøva gjer namna til ei ytter-

gruppe av substantiva, og slike yttergrupper kan sjå ut til å vera særleg utsette for språkendingar som nettopp kausbortfallet.

Avhandlinga gjev også eit anna overraskande resultat: Brevtekstane som er granska, og som er skrivne i Vest-Telemark i tida 1400–1499, er i hovudsak i norsk språkform. Tidlegare har mange forskarar vore skeptiske til å bruka brev frå siste del av mellomalderen for å dokumentera utviklinga av det norske språket. Innverknad frå dansk, svensk og tysk er vanlegvis rekna som så sterk at tekstane frå denne seinaste delen av mellomalderen ikkje gjev eit særleg godt bilete av korleis det norske talespråket var i perioden. Denne avhandlinga viser at dette ikkje alltid er tilfellet.

Sjå vidare på [www.hf.uio.no/forskning/dok-disp/2008/wetas.html](http://www.hf.uio.no/forskning/dok-disp/2008/wetas.html).

Det kan leggjast til at Åse Wetås no er direktør i Norsk Ordbok 2014. Ho tok over i haust etter Kristin Bakken.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## NYUTNEMND PROFESSOR I NAMNEFORSKING I KØBENHAVN

Den 3. desember 2008 vart dr.phil. Bent Jørgensen tilsett ved Nordisk Forskningsinstitut som professor i nordisk namneforskning med særlege oppgåver innanfor nordisk mellomalderfilologi.

Jørgensen har ein lang namnevitskapleg karriere bak seg ved det tidlegare Institut/Afdeling for Navneforskning i København. Han har publisert ei rekkje bøker og ei mengd artiklar om namn, mest stadnamn. Mellom bøkene er *Dansk Gadenavnskik* (1970), *Reciprokering* (1977), *Stednavne og samferdselshistorie* (1979), *Stednavne og administrationshistorie* (1980), *Dansk stednavneleksikon* i fleire utgåver og fleire band i serien *Danmarks Stednavne*.

*Nytt om namn* ynskjer den nye professoren til lukke.

BH

## GEOLOGISKE NAMN I NASJONAL DATABASE

Det finst tusenvis av geologiske namn for norsk område. Desse namna har komme til som ledd i kartlegginga og utforskinga av berggrunnen gjennom eit par hundre år. Namna gjeld stader og område både på land og på kontinentalsokkelen, og på overflata så vel som nede i berggrunnen. Namne-



objekta kan vere alt frå få meter i utstrekning (og høgd eller djupn) til å dekkje fleirfaldige kilometer. Typiske døme på namn er *Trondheimsforma-sjonen*, *Mosjøgabbroen*, *Oslograbenen*, *Lofotskrenten*, *Friggformasjonen*, *Tiljeformasjonen* og *Bamblekomplekset*.

Førsteleddet er oftast eit stadnamn i grunnform, frå staden der namneobjektet er kartlagt. I andre tilfelle kan førsteleddet vere eit oljefeltnamn eller eit appellativ (t.d. *tilje*, *tofte*, *not* og *garn*). Sisteleddet er ein geologisk term i bestemt form.

Dei geologiske namna blir lagde inn i ein database ved NGU, Noregs geologiske undersøking (i databasen for geologiske einingar, GENINO, [www.ngu.no/stratigrafi.htm](http://www.ngu.no/stratigrafi.htm)). No er det over 5000 namn i databasen. Til kvart namn er det lagt inn ein serie opplysningar, m.a. engelsk form av namnet. Databasen har med namn frå norsk område medrekna kontinental-sokkelen og Svalbard.

Namnsetjinga har sitt eige regelverk (*Regler og råd*) frå 1986. Det kom i engelsk utgåve i 1989, og begge versjonane ligg tilgjengelege på nettsidene til NGU. Dei engelske namna er enklare i forma enn dei norske, sidan det i engelsk er den fulle forma (altså ofte bestemt form) av stadnamnet som skal brukast, mens etterleddet har engelsk form, t.d. (*the*) *Lofoten escarpment*. Databasen er ikkje feilfri, det finst noko feil i skrivemåtane av både norske og engelske namn. Somme av feila kan komme av feil i sjølve vedtaka, andre feil kan vere meir tilfeldige.

Dei geologiske namna er i bruk i industri, forskning og forvaltning. Ikkje minst er dei engelske namneformene mykje brukte, sidan fagmiljøa i stor grad skriv på engelsk. Namna inngår òg i det nye standardverket *Landet blir til*, ei rikt illustrert fagbok som kom i 2006. Boka vart utgjeven av Norsk geologisk forening. Ho kom på engelsk i 2008 med tittelen *The Making of a Land*. Illustrasjonane i boka, om lag 900 foto og teikningar, er gjorde gratis tilgjengelege på internettet. Dermed er det lett å hente illustrasjonsmateriale for folk som skal førebu forelesingar eller foredrag. Den norske figurteksta er med i mange høve.

## Litteratur

- Hovdenak, Marit 1997: Geologiske namn. I: *Namn og Nemne* 14, s. 81–90.
- Hovdenak, Marit 2008: Geologi på norsk. Om geofagleg språkrøkt: I: *Nordterm 2007. Rapport fra Nordterm 2007, Bergen, Norge, 13.–16. juni*. Oslo, s. 103–108.
- Ramberg, Ivar B., Inge Bryhni og Arvid Nøttvedt (red.) 2006: *Landet blir til. Norges geologi*. Utg. av Norsk geologisk forening. Trondheim.
- Regler og råd* = Regler og råd for navnsetting av geologiske enheter i Norge. Norsk stratigrafisk komité. Red. Johan Petter Nystuen. *Norsk Geologisk Tidsskrift*, supplement 1. Oslo 1986.

**Internettkjelder**

<http://www.ngu.no/no/hm/Kart-og-data/Databaser/>

<http://www.ngu.no/no/hm/Norges-geologi/Berggrunn/Database-for-geologiske-enheter-i-Norge-GENINO/>

<http://www.nhm.uio.no/ngf/boka> (sjekk instruksen om nettlesar)

Marit Hovdenak  
marit.hovdenak@sprakradet.no

## ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

**HELGE STANGNES, NORD-NOREG, LYRIKK OG NAMN**

For mange nordistar er Helge Stangnes ein god kollega, dyktig fagmann og engasjert lyrikar. For mange nordlendingar og nordmenn elles er Stangnes ein kjær visepoet som har nådd langt utover med visetekstane sine. Bøkene hans har fått opplag som er dei færraste forunte, men den folkekjære Stangnes vert sjeldan trekt fram når samtidslyrikarane vert omtala. Derimot er det få som har gjort slik suksess som han. Grunnane til den gode mottakinga av lyrikken hans er hovudsakleg den poetiske forma, motiva han nyttar og den tonesetjinga mange av dikta har fått. Særleg stor suksess har kabaret-oppsetjingane hatt, særleg *Nothundliv*, som byggjer på eigne røynsler frå sildefiske.

Sjølv kallar Stangnes ofte diktinga si for *brukspoesi*. Han nyttar motiv frå nordnorsk natur-, kultur- og folkeliv, og han skriv oftast på eit dialekt-nært Senja-mål. Mykje av inspirasjonen og motiva hentar han nettopp frå Senja, som han kjenner ut og inn. Difor vert også diktinga hans så ekte og så truverdig.

Stangnes er ein stor stilist, og sjølv om han oftast nyttar tradisjonelle versemål, evnar han å tilføra tradisjonen noko nytt, inspirerande og levande. Det er tydeleg at her er det ein lyrikar med eit godt utvikla musikalsk øyra som boltrar seg.

I år har Stangnes kome med eit dikt, «Minnets merkesteina», som på ein framifrå måte tek føre seg stadnamnkulturen, opphavet til stadnamna og funksjonen deira.

## MINNETS MERKESTEINA

I

Som et nettverk bak di panne,  
vevd av band til barndomslandet,

ligg et landskap du har kjent,  
 fylt av namn og fylt av minna:  
 nære åsa, blåe tinda,  
 heimetrygt og himmelvendt.  
 Du treng neppe lenge leite  
 førr å minnes ka dem heite,  
 alle toppan rundt din fjord.  
 Men førr lenge, lenge sia  
 låg det samme land og bia  
 på de *første* namn og ord.

## II

Kem var *han* som først fann fram,  
 til det landskapet du kjenne?  
 Han, som første bål fekk tenne  
 på ei ukjent, namnlaus strand?  
 Kom han i sin sydde båt,  
 stormridd, inntil skinnet våt,  
 ifrå sørligare strender?  
 Fann ei vik i solvendt ly,  
 henta sia opp sin stamme,  
 tok i *bruk* det nye landet.  
 Kanskje ligg det no en by  
 der han sto, den første gamle.

Kem var han?

Var det *han* som først ga namn  
 til den vika der han bodde?  
 namn på sundet der han rodde?  
 namn på holma, håg og hamn?  
 Var det han som *døpte* lendet  
 på et språk vi ikkje kjenne?  
 – førr å kunne finne fram,  
 førr å kunne fange føa,  
 førr å berge seg for nøa?

Førr en skinnkledd veidemann  
 krevde sjølve livet namn:  
 Namn i lende, namn i minne,  
 namn der viltet var å finne,  
 namn på myr der bæra vaks,  
 namn på øya, odden, sundet;

– nemntes namn som *fleire* kunne  
ga det kurs og kunnskap straks:  
Laksefossen, Kobbeskjæret,  
Reinfallberget, Fugleværet...

### III

Få fekk hauste gratisvara.  
Bruktes snøret eller snara,  
fekk med slit man maten ta.  
Namn var alltid med i strevet  
før å kunne overleve  
i et land som lite ga.

Namn førtell korleis de tenkte,  
kor de kunne li og lengte,  
spinne drømma, avle tross.  
Namn av gråten, namn av vona,  
namn av farga, sus og tona  
ifrå elve, fall og foss.

Hadde knausen rette svongen,  
såg man likskap med fasongen  
på en skolt, ei dov, et kne.  
Humoren og fantasien  
avla namn med rette vrien.  
Meininga var lett å se.

Slik blei landet sine klea  
sydd i sorg og sydd i glea,  
merkt med meining attom ord:  
Dansarsletta, Løkkeméa,  
Utbormyra, Dreparskréa,  
kanskje fins dem der du bor?

### IV

Namn e ords-katten som glømmes,  
arven som så lett forsømmes  
i vårt travle velstandsjag.  
Fattigdommens harde lære  
som de gamle fekk å bære,  
sakne bruksverdi i dag.

Men *en* lærdom står ved lag:

*Kunnskaps* vekt kan lett vint bæres.  
 Veit du namnan der du færers,  
 saknes ikkje følgefolk.  
 Du går aldri heilt åleina.  
 Namn e minnets merkesteina,  
 vardefeste, landskapstolk.

Her vert busetjing og historiske liner vovne saman med stadnamn og næringsutvikling. Dei to siste strofene har ein sterk bodskap til oss alle: Stadnamna er sentrale kunnskapsberarar og uvurderlege arkiv for mentalhistoriske tilhøve.

Gunnstein Akselberg  
 gunnstein.akselberg@lle.uib.no

### **BARACK HUSSEIN OBAMA – NAMN FRÅ FLEIRE KULTURAR**

Den nyvalde presidenten i USA har etternamnet *Obama* frå luospråket i Afrika og førenamnet *Barack*, som blir brukt både i muslimsk, jødisk og kristen namneskikk. *Hussein* er knytt til muslimsk skikk.

Luo-folket, som blant anna bur i Kenya, har inntil dei siste tiåra hatt ein rein førenamNSSkikk, dels kombinert med at dei nyttar førenamnet til faren eller andre namn som tilnamn. EtternamNSSkikk har òg byrja å ta over, slik at førenamnet til ein eldre familiemedlem har blitt til etternamn for familiar. Slike tradisjonar og slik utvikling finst òg elles i det sørlege Sentral-Afrika, der Kenya ligg (Madubuike 1994, s. 11–16; Utne 2007).

Namna har folk i luo-kulturen tradisjonelt fått etter omstende ved fødselen, på same måte som i mange kulturar i Afrika. Motiva for desse namnevala kan vere mange. Eksempel frå Kenya er *Raila*, som tyder ‘det gjev meg kløe’, og *Odinga*, som tyder ‘trommeslagar’ (Musere og Odhiambo 2000, s. 243; Musere 2000, s. 303).

Opphavet til namnet for den nye presidenten kan vi forklare med ei familiehistorie. Denne lista viser aktuelle namneberarar:

Farfars far:	<i>Obama</i>
Farfar:	<i>Hussein Onyango Obama</i>
Far:	<i>Barack Hussein Obama</i> (senior)
Son og president:	<i>Barack Hussein Obama</i> (junior)

Oldefar til presidenten bar førenamnet *Obama*. *O* brukt først i namn i luospråket markerer hankjønn. Mange luo-namn byrjar derfor med *O*. Ordet

*bam* tyder ‘bøygd’ (Musere og Odhiambo 2000, s. 232; WikiAnswers). Namnet kan omsetjast til ‘han som er bøygd’. Kva som gjorde at denne oldefaren fekk namn med denne tydinga, er ikkje kjent.

Obama, nemnd ovanfor, fekk ein son med namnet *Onyango*, som tyder ‘han som er fødd om morgonen’ (Musere 2000, s. 308). Onyango konverterte frå kristendomen til islam og tok det tradisjonelle muslimske og arabiske *Hussein* som første førenamn. Han er omtala som *Hussein Onyango Obama*. Ein av sønene hans, som blei far til presidenten, fekk namnet *Barack* og dessutan *Hussein* og *Obama* etter faren og farfaren. Saman med kona Stanley Ann Dunham fekk den sistnemde Barack Hussein Obama ein son med same namn som seg sjølv, altså *Barack Hussein Obama*. (Slekts-oversynet byggjer på Powell [u.å.] og er kontrollert mot fleire populærframstillingar på internettet.)

Det notidige namnet *Barack* kan ha opphav i to ulike namn, som begge fanst både i eldre arabisk og hebraisk språk. Begge desse språka høyrer til den semittiske språkfamilien. Namneformene vekslar på mange måtar både i fortid og notid, som eg ikkje skal gå inn på i detalj her. Det første namnet som er nemnt nedanfor, er i bruk både i Koranen og i Det gamle testamentet (GT) i Bibelen, medan det andre finst berre i GT.

- 1) *Barak* er kortform av arabiske namn med fleirtalsforma *Barakat* og eintalsforma *Barka* (Salahuddin 1999, s. 34; Geoffroy 2000, s. 148). På hebraisk finst *Baruch* og *Barukh* (Kolatch 2005, s. 67). Tydinga for desse er ‘velsigning’ eller ‘god framtid’.

Kruken og Stemshaug (1995, s. 41) opplyser om norsk bruk av *Baruk* på 1700- og 1800-talet. *Baruch* er òg kjent i engelskspråkleg kultur (Hanks, Hardcastle og Hodges 2006, s. 29). Den nederlandske filosofen Baruch de Spinoza med jødisk bakgrunn, mest oppført med førenamnet *Benedictus*, er ein kjend namneberar. I kristen og jødisk tradisjon blir det vist til Baruk hos Jeremia i GT.

- 2) *Barraq* er ei arabisk form, og *Barak* er ei hebraisk, begge med tydinga ‘skinande’ (Salahuddin 1999, s. 35; Kolatch 2005, s. 65–66). For kristen og jødisk tradisjon blir det vist til Dommarane i GT.

Omtaler av namnet *Barack*, inkludert variantar, i den muslimske tradisjonen i Afrika, og særleg i området nær Kenya, viser til tydinga ‘velsigna’, altså namn nr. 1 ovanfor. (Kjelder: populærframstillingar i personnamnbøker og på nettstader.)

*Hussein*, som er namn nr. 2 for presidenten og far hans, er det mest rimeleg å rekne som eit patronymikon for faren, altså henta frå førenamnet til presidentens farfar. Denne tolkinga byggjer på muslimsk skikk og tilsvarar mellomnamn etter norsk mønster. Etter luo-skikk, som har vore i endring, kan det alternativt vere rimeleg å oppfatte *Hussein* i dette tilfellet som føre-

namn. Også for presidenten er derfor tolking både som føre- og mellomnamn mogleg. I USA, der han bur, blir begge desse namnetypane rekna som *middle name*. *Hussein* tyder ‘vakker og liten’. Det er diminutivform av *Hassan*, som tyder ‘vakker’. *Hussein* var namnet på ein tidleg muslimsk imam (øvste leiar), og det er sentralt i muslimsk namnetradisjon.

Namna *Barack Hussein Obama* speglar altså ei blanding av luo-kultur og innverknad frå islam i Kenya.

## Litteratur

- Geoffroy, Younès og Néfissa 2000: *Le Livre des prénoms arabes*. 5. utg. Paris: Éditions Al-Bouraq.
- Hanks, Patrick, Kate Hardcastle og Flavia Hodges 2006: *Oxford Dictionary of First Names*. 3. utg. Oxford: Oxford University Press.
- Kolatch, Alfred J. 2005: *The Comprehensive Dictionary of English & Hebrew First Names*. New York: Jonathan David Publishers.
- Kruken, Kristoffer og Ola Stemshaug 1995: *Norsk personnamleksikon*. 2. utg. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Madubuike, Ihechukwu 1994: *A Handbook of African Names*. 2. utg. [1. utg. 1976]. Boulder (i Colorado, USA): Three Continents Press og Lynne Rienner Publishers.
- Musere, Jonathan 2000: *Traditional African Names*. Lanham (i Maryland, USA) og London: The Scarecrow Press.
- Musere, Jonathan og Christopher Odhiambo 2000: *African Ethnics and Personal Names*. 2. utg. [1. utg. 1999]. Los Angeles: Ariko Publications.
- Powell, Kimerly [u.å.] *Ancestry of Barack Obama*. About.com: Genealogy. Nettadresse: [http://genealogy.about.com/od/aframertrees/p/barack\\_obama.htm?p=1](http://genealogy.about.com/od/aframertrees/p/barack_obama.htm?p=1) [henta 4.11.2008; udatert, men oppdatert med 2007- eller 2008-opplysningar].
- Salahuddin, Ahmed 1999: *A Dictionary of Muslim Names*. New York: New York University Press.
- Utne, Ivar 2007: *Navn i sørlige Sentral-Afrika*. Nettadresse: [www.hf.uib.no/i/Nordisk/navn/freg/lister/SentralSorAfrika.htm](http://www.hf.uib.no/i/Nordisk/navn/freg/lister/SentralSorAfrika.htm) [henta ned 6.12.2008, versjon 23.10.2007].
- WikiAnswers: *What is the meaning of Obama*. [Nettstad] Nettadresse: [http://wiki.answers.com/Q/What\\_is\\_the\\_meaning\\_of\\_the\\_name\\_Obama](http://wiki.answers.com/Q/What_is_the_meaning_of_the_name_Obama) [henta ned 4.11.2008; udatert].

Ivar Utne  
ivar.utne@uib.no

## STADNAMN FRÅ KVINESDAL

### Røynsler frå eit prosjekt

I 1982–83 blei det halde eit seminar i Kvinesdal om lokalhistorie der Sverre Ordahl var ein framifrå førelesar. Seminaret enda med at ein ville skipa eit historielag i Kvinesdal. Det skjedde i mars 1984.

Litt seinare blei det halde eit seminar om stadnamn ved Martin Skjekkeland. Han fortalde om namn, kva namna kunne tyda, og kom med mange eksempel. Fleire av oss hadde vakse opp på gard og hadde brukt namn utan at vi hadde tenkt over at namna kunne fortelja om staden, om hendingar og verksemnd.

Nokre av oss tykte dette med stadnamn høyrdest interessant og spanande ut. Dei som var med på seminaret om stadnamn, tala om å ta for seg heile kommunen. Men som det ofte skjer, fall dei fleste frå. Folk frå kommunen var nok også litt interesserte, og det høvde då at ein av lærarane i ungdomsskulen, Arentz Håland, fekk ein liten del av jobben med å samla inn namn.

Eg starta litt på eiga hand. Vi fekk økonomiske kart frå kartkontoret i Kristiansand. Etter ei stund blei vi to samde om å dela på kartblada slik at eg tok for meg området rundt der eg bur på garden Kloster. Det vil seia frå og med Liknes og sørover til grensa mot Fedå. Håland skulle då ta resten, det vil seia nordre del av Kvinesdal og gamle Fjotland og Fedå. Vi visste nok ikkje kva vi gav oss ut på.

### **Byrjinga**

Eg byrja, slik eg hadde lært på lærarskulen, med det nære og kjende. På garden vår i Kloster var eg så heldig å ha mor mi og ein onkel å spørja i tillegg til ein interessert nabo. Etter kvart kom eg til gardane rundt oss. Eg noterte på arka vi hadde fått av Martin Skjekkeland, og noterte nummer på karta. Det varde ikkje lenge før eg fann ut at dette måtte bli ein kladd.

### **Problem**

Problema blei etter kvart mange.

### **Kartnamn**

Namna på dei økonomiske karta var slett ikkje alltid «rette» og ofte på feil stad. Etter ei stund kom eg fram til at det var lurt å byrja med dei namna som stod på kartet, og eg spurde informantane om namna var kjende for dei og om dei stod på rett stad på kartet.

Mange eldre folk kunne lite orientera seg på eit kart, eg var òg ofte usikker. På heiegardane måtte eg då prøva å få dei til å forklåra kor staden var i høve til vatn, fjell og myrar. Mange var flinke med himmelretningar.



### **Kunnskap om namn**

Nokre informantar sa først at dei visste ikkje mange namn. Men når eg spurde om den heia eller den myra, kom ofte namnet. Somme trudde namna var så vanlege at dei ikkje hadde interesse. Mange visste mykje og var glade for at namna blei noterte. Skulebarninnsamlinga frå 1930-åra hadde eg god nytte av der det fanst. Mange kom då på namn dei hadde gløymt. Nokre hadde utskiftingar og grensegangar der det stod namn. Nokre få hadde kartblad med namn dei hadde notert, eller hadde laga lister over namn.

### **Informantar**

Det viste seg at det var ikkje alltid grunneigaren eller dei eldste som visste mest. Dei fleste var redde for å nemna namn på stader utanfor eigen gard eller bruk. Men det var nokre fantastiske folk som både var interesserte og som visste mykje i tillegg til at dei var godt kjende i området.

På enkelte gardar var det samla fleire informantar då eg kom. Det kunne ofte vera nyttig dersom dei kjende kvarandre godt. Av og til kunne det mest bli krangel både om namnet og uttalen. Men mykje sosialt blei det.

### **Etter første oppskrivning**

Når eg kom heim etter å ha vore hos ein ny informant, såg eg over det eg hadde skrive opp, og noterte spørsmål og tankar. Nokre gonger kunne vi få avklåra ting i telefonen. Ein hadde sagt namnet *Gullknudågren*. Då eg spurde om det fanst ein *Gullknuden*, sa han straks at det var knuten ovanfor. Ofte tok informantane kontakt, dei hadde kome på fleire namn eller hadde spurt andre.

### **Tid**

Eg forstod fort at dette var eit arbeid som ikkje blei fort ferdig, og eg vil helst ikkje vita kor mange timar eg har brukt. Mange av timane har eg hatt stor glede av å kombinera to interesser. Eg har gått i hei og utmark, leita etter myrar, slåtter, løemurar, gamle vegar og vore på fjelltoppar. Tankane har gått til dei som budde her, sleit i kvardagen og gledde seg over den same flotte naturen. Stort sett har eg alltid kart med og ser om eg får namna til å passa med terrenget.

Eg fekk eit godt tips: Er det vanskeleg å finna att til dømes vegar eller løemurar, så sjå deg rundt og tenk: Kor ville det vore naturleg å gå eller å ha ei løe? Dette har fungert fleire gonger, og eg har funne stigar eller murar. Oftast hadde eg med fotoapparat, og eg har ei samling mest av diverse murar. Dette var før digitalt kamera, og kvaliteten er ikkje på topp, så desse er mest til eige bruk.

### **Fleire kartblad på ein gard**

På dei fleste gardane trong ein meir enn eitt kartblad. Under innsamlinga tok eg til med nr. 1 på kvar gard, og då kunne denne «kladdelista» gjelda opp til 4–5 kart. Ved seinare reinskriving kunne namna på ein gard då bli delte opp på dei aktuelle kartblada.

I eitt høve blei det gjort annleis. Eg blei spurd av ein interessert grunn-eigar om å ta med hans gard. Då høvde det best å ta namna frå nr. 1 og etter kvarandre, sjølv om det gjekk over fleire kartblad. Garden Helle strekkjer seg ut på heile fem kartblad, men bare eit lite hjørne på eit par. I dette tilfellet har eg ikkje samla namn på nabogardane, bortsett frå ein.

### **Reinskriving**

Etter kvart prøvde eg å reinskriva listene til kartblada. Då dukka det alltid opp ting eg var usikker på. Av og til hadde eg skrive utydeleg, og andre gonger hadde eg gløymt eller ikkje fått med opplysningar om namnet. Skrivemåten var mange gonger eit problem. Eg ville helst ha det slik det blir brukt i dialekten, men det var det ikkje alltid semje om. Nokre sa *-bekken* og andre *-bekkjen*. Og det er mange døme på ulike skrivemåtar.

### **Innlesing**

Det var meininga at vi skulle få namna lesne inn. På mine område blei det bare gjort med vel tusen namn. Det var då med kasettopptakar.

### **Arbeidet avslutta**

Det var Arentz Håland som skulle samordna prosjektet. Han fekk utfylte kartblad og tok kopi av namnelistene. Eg er litt usikker på tidspunktet, men trur han sende dette materialet til Stadnamnarkivet ikring 1990 eller litt seinare. Kor mykje han hadde samla inn, er eg usikker på. Han hadde svært mange kartblad.

### **Vidare arbeid**

Sjølv innsamlinga mi blei mest gjord i åra 1987–88 og litt fram til 1992. To gardar utanom «mitt» område blei tekne i 2002.

Sjølv om det blei lite gjort enkelte år, hadde eg mest alltid kart og namnelister med når eg tok turar på dei aktuelle stadene eller møtte folk eg kunne drøfta namn med. Nokre problem og mistydingar blei oppklåra, men nye ting dukka òg ofte opp.

### **Innskriving på data**

Etter eg blei pensjonist og hadde fått meg PC, fekk eg lyst til å skriva inn namnelistene på data slik at dei kunne brukast av andre. Då fekk eg god hjelp av Botolv Helleland. Han har seinare fått mange spørsmål og har vore heilt nødvendig for at eg fekk dette til. Han inviterte meg på eit to dagars

lynkurs i Oslo i lydskrift. Møtet i Oslo var greitt, men lydskrifta måtte eg gje opp då eg kom heim.

### **Ny innlesing**

Mest alle informantane som hadde lese inn på kassett, er no borte. Men eitt par yngre personar har lese inn i sine område. Resten har eg sjølv lese inn. Med litt datahjelp av barnebarn gjekk det tolleg greitt.

### **Økonomi**

Heilt i starten fekk eg dekt litt kjøring og telefonutgifter; eg trur det var i alt 1600–1700 kroner. Kartblad fekk vi først frå kartkontoret i Kristiansand, seinare frå kommunen. Og kommunen har dekt kopiering av alle kartblad slik at dei får ein serie og Stadnamnarkivet ein. Kvinesdal Historielag har dekt litt kontorutgifter i seinare år.

### **Feil og manglar**

Eg er heilt klår over at eit slikt arbeid aldri kan bli feilfritt. Namn kan bli skrivne feil eller plasserte feil. Sjølv sagt kan ein aldri få med alle dei namna som har vore på ein stad. Men eg er heilt sikker på at dei informantane eg møtte for tjue år sidan og som no er borte, kom med mange namn og mykje informasjon som få eller ingen no hadde kjent.

For å få full nytte av karta skulle namna vore digitaliserte. Men det håper eg nokon andre kan ta seg av.

Dette arbeidet har då stort sett vore ein hobby i mange år. Og eg har hatt stor glede av arbeidet. Eg har hatt mange møte og diskusjonar med trivelege og interesserte folk. Til dagleg prøver eg å bruka namna mest mogeleg, noko som av og til kan vera i meste laget for familien.

Anne-Berit Erfjord  
erfjord@online.no

## **SEBUSKA ER DØD**

Den 24. september kunne ein i Tromsø-avisene lese dødsannonsen til Sebuska Nikoline Nilsen frå Buvika i Tranøy kommune på Senja. Ho blei 98 år.

No er det ikkje noko sensasjonelt i at eit så gammalt menneske går bort, men det spesielle er at ho var den einaste norske kvinna som i notid og fortid (?) har hatt *Sebuska* som første- og etternamn.

Då Sebuska blei fødd, i 1910, var det enno opne grenser mellom Noreg og Russland. Norske båtar som dreiv fiske på den vêrharde Varangerfjor-

den, måtte stundom søke hamn for uvêr ved dei russiske busetjingane på Fiskarhalvøya. Dei beste hamnene her var Tsypnavalok og Tsjobosjka. På nordnorsk tunge blei uttalen *Sjetnavalok* og *Sebuska*.

Det var morfar til Sebuska som i si tid blei fascinert av dette namnet. Han var fiskar av yrke, og då han blei far til ei jente, ville han kalle henne *Sebuska*. Det sette kona seg imot, og endskapen blei at jenta fekk *Sebuska* som tredjenamn: *Hilda Marie Sebuska*. Men neste generasjon var meir liberal i namnsetjinga, og då det kom ei ny jente til verda i familien, blei ho døypt *Sebuska Nikoline*. Dermed kom òg eit visst oppkallingselement inn i bildet.

Sebuska var lite glad for namnet ho hadde fått. Ho blei erta for det og brukte alltid begge namna: *Sebuska Nikoline*. Då ho var seksten år og hadde tent sine første sjølveigde pengar, vurderte ho sterkt å søke om å få skifte namn, men ombestemte seg då ei venninne, som òg var meint å søke, døydde. Ho tok det som eit teikn og ei åtvaring.

No er ho borte. Ho fekk leve lenger enn dei fleste med det sjeldne namnet sitt og går inn i norsk personnamnhistorie som ein kuriositet endå ho i levande livet neppe var klar over det sjølv.

Helge Stangnes  
h.stangn@online.no

## BOKOMTALAR

### **KONFERANSERAPPORT OM NAMNEKONFLIKTAR I EUROPA**

*Namen und ihr Konfliktpotential im europäischen Kontext. Regensburger Symposium, 11.–13. April 2007.* Red. av Nicole Eller, Stefan Hackel, Marek L'upták. edition vulpes, Regensburg 2008. 338 sider.

«Namn og konfliktpotensialet deira i europeisk samanheng» – så heitte ein internasjonal og tverrfagleg konferanse som vart arrangert ved Universitetet i Regensburg (Tyskland) i høve 65-årsdagen til professor Albrecht Greule, som i mange år har vore leiar for ei namnefagleg forskargruppe ved Universitetet i Regensburg. Det er namngjetne forfattarar frå i alt fjorten europeiske land (Bosnia-Hercegovina, Bulgaria, Finland, Frankrike, Italia, Kroatia, Noreg, Polen, Slovakia, Sveits, Tsjekkia, Tyskland, Ungarn, Austerrike) som har skrive artiklar til denne publikasjonen. Dei tek opp eit emne som hittil sjeldan har fått ein såpass djuptgåande, mangfaldig og fyrst og fremst felleseuropeisk omtale som her. Sjølv sagt kunne det ha vore ynskjeleg å få med endå fleire land og regionar, til dømes Russland, dei baltiske statane, Romania eller Serbia. Men mangfaldet er stort nok til å få eit godt

innsyn i både språklege og ikkje-språklege (sosiale, politiske) tilhøve som ligg til grunn for namnekonfliktar av ulik art i ulike land. Dessutan gjev i alle fall nokre av bidragsytarane (t.d. Rudolf Šrámek og Peter Wiesinger) ei slags metodisk-teoretisk rettleiing som kan hjelpe oss til å skjønne dei allmenne mekanismane som styrer konfliktpotensialet.

Etter å ha studert rapporten vert det tydeleg at dei aktuelle namnekonfliktane i Noreg, som då for det meste gjeld skrivemåten av stadnamn, tilhøvet mellom slektsnamn og gardsnamn og liknande (jf. Botolv Hellelands artikkel om «Namenkonflikte in Norwegen», s. 281–291), på langt nær har den dimensjonen som dei problema ymse mellomeuropeiske land og folkegrupper har slite med dei seinaste 100–150 åra. Nasjonalisme, krig, forskuving av grenselinjer, totalitære ideologiar – alt dette har vore med på å gjere namn, særleg stadnamn (men personnamn òg), til eit symbol på alvorlege etniske/nasjonale konfliktar som nok har historiske årsaker, men som i nokre tilfelle tyngjer på det europeiske samlivet enno i dag.

Eit av konfliktemna er bruken av eksonym, som vert teke opp av m.a. Peter Wiesinger (Wien) i eit innlegg om fleirspråklege stadnamn (s. 43–75). Her peikar han på at utstrekt bruk av eksonym ikkje alltid vert godteke, til dømes i Tsjekkia, der dei tyske stadnamna ofte vert sedde på som symbol på territoriale krav. Situasjonen (i alle fall i dag) er mykje meir avslappa i Polen. Der kan det hende når det vert ført ein samtale på tysk, at det nettopp er dei polske samtalepartnarane som gjerne brukar tyske stadnamn som *Breslau* (i staden for polsk *Wrocław*) eller *Swinemünde* (i staden for polsk *Świnoujście*). Dette kan vere forbløffande for politisk korrekte tyskarar, som gjer alt for å sleppe unna dei tyske namna – som faktisk i fleire hundreår fungerte som heilt normale tyske endonym. Når dei så prøver å bruke dei polske endonyma, er resultatet gjerne fonetisk heilt uakseptable uttalevariantar av dei polske namna. Svært spennande lesestoff i denne samanhengen er artikkelen av Rüdiger Harnisch (Passau), som tek føre seg motiva til tyskarar som lèt vere å bruke eksonym når det er tale om tidlegare austtyske område, d.e. delar av dagens Polen og Russland (s. 17–28). Kor grotesk det heile kan verte, viser eit døme på s. 25 der tidlegare forbundskanslar Gerhard Schröder vert sitert med ei utsegn om «die Geschichte *Kaliningrads* [...], die über die Jahrhunderte mit Deutschland zusammenhängt». Som alle veit, vart ikkje namnet *Kaliningrad* til før i 1946, og då som ideologisk markert substitutt for *Königsberg*.

Slike ideologisk motiverte namneskifte vert diskuterte fleire stader i konferanserapporten. Eg skal her berre nemne nokre av artiklane. Mária Pappsovová (Košice) skildrar den yngre stadnamnhistoria i Slovakia, særskilt med omsyn til tyske og ungarske namn (s. 219–227), og Cäcilia Wegscheider (Bozen) tek opp den innfløkte situasjonen i Syd-Tirol (s. 93–104). Her vart dei italienske stadnamna innførte av fascistane og er framleis i offisiell bruk. Dei nedervde tyske namna er rett nok i allmenn bruk i den trespråk-

lege italienske provinsen (med tysk, italiensk og ladinsk), men statusen til dei tyske namna er framleis ikkje lovfesta (s. 93–104). Når det gjeld nazitida, må absolutt artikkelen av Martina Pitz (Lyon) nemnast: «Die gewaltsame Germanisierung lothringischer Orts- und Familiennamen unter dem Hakenkreuz (1940–1944)» (s. 171–186). Stadnamn som ideologisk våpen har vorte brukt av fleire totalitære makthavarar. Italia, Tyskland og Sovjet er berre nokre av døma. Det alarmerande er at dei same metodane kan observerast enno i dag, jf. artikkelen av Nedad Memić (Wien/Sarajevo), som skildrar korleis den serbiske okkupasjonsmakta under Balkan-krigen 1992–95 tydde til ideologisk motivert stadnamnskifte etter å ha hærteke bosniske område (s. 105–119).

Fleire artiklar drøftar stadnamnproblem med bakgrunn i minoritetsspørsmål. Walter Wenzel og Ernst Eichler (Leipzig) skriv om sorbiske stadnamn i Tyskland (og Polen), Barbara Czopek-Kopciuch (Kraków) tek opp den nyaste minoritetslovgjevinga i Polen, som gjev heimel for bruk av tyske stadnamn i Øvre Schlesien. Både Peter Wiesinger (Wien) og Heinz-Dieter Pohl (Klagenfurt) tek føre seg namnekonflikten i det austerrisk-slovenske grenseområdet. Denne namnekonflikten er velkjend utanfor Østerrike og Slovenia òg på grunn av den kontroversielle minoritetspolitikken til nyleg avlidne Jörg Haider. Han var guvernør i den austerriske delstaten Kärnten i 1989–91 og 1999–2008.

Jamvel om mesteparten av artiklane gjeld stadnamn (nærare sagt bustadnamn – namn på byar, landsbyar osb.), vert òg andre namnegrupper tekne opp i rapporten. Björn Hansen (Regensburg) skriv om konnotasjonar ved etnonym, dvs. innbyggjarnamn (som då eigenleg ikkje har status som *propria*), Sirkka Paikkala (Helsingfors) tek opp gatenamn i den finske hovudstaden, Anna Choleva og Vasil Rainov (Sofia) konsentrerer seg om standardisering og translitterasjon av bulgarske stadnamn, medan Jana Marie Tušková (Brno) er oppteken av ortografiske problem i tsjekkiske gatenamn. Ein svært leseverdige artikkel av Péter Maitz (Debrecen) handlar om den nasjonalistiske ungarske slektsnamnpolitikken under dobbelmonarkiet mot slutten av 1900-talet (s. 187–217).

Det er all grunn til å gratulere namnegranskarmiljøet i Regensburg og dei tre redaktørane med denne flotte europeiske publikasjonen. Det kjem meir om denne konferanserapporten i neste utgåve av *Namn og Nemne*, der denne meldaren vil kommentere meir utførleg utvalde artiklar og kome med eigne forskingsresultat på dette feltet.

Gero Lietz, Poznań  
gero\_lietz\_ffo@gmx.de

## STADNAMN SOM UNDERHALDNING

Leif Gjerland: *Navn i Oslo. Hvorfor heter det det det heter?* Orion forlag. Oslo 2008. 168 sider.

Boka opnar med eit velformulert føreord der fyrste avsnittet lyder: «Et stedsnavn blir ofte til som en beskrivelse av et sted eller av det som skjer der. Men ganske snart slutter vi å tenke på den konkrete betydningen, og navnet blir et rent egennavn. Deretter lever det videre med en skjult historisk ballast, helt uavhengig av hva det egentlig kom av. Så selv om den historiske betydningen formelig står og roper, hører vi ikke at det en gang var sagindustri på Sagene og at Nyland var et nytt land.» På siste omslags-side får ein opplyst at «boka tar deg med på en skattejakt i Oslos forunderlige verden av navn – et ukjent og spennende kapittel i byhistorien». Dette høyrest lovande ut.

Kring 500 stadnamn i Oslo er omtala i boka, og mange av dei er nettopp slike som synest litt «rare», som *Nuggerud*, *Ola Narr* og *Spikersuppa*. Boka er delt inn i tolv kapittel med overskrifter som «Feil og fanteri», «Meglernes mareritt», «Jorda rundt i Oslo», «Sexdumpa og Kobbernaglen», «I fredens, frydens og fruens navn», altså oppslag som minner sterkt om dagens tabloidpresse. Rett nok har kvar overskrift eit presiserande tillegg som seier litt meir om kva namn som er omtala. No treng ikkje slike overskrifter vera i strid med faglege krav, og mange vil vel seia at her har me endeleg fått ei vinkling av stadnamn som får folk flest til å interessera seg for dei. Og det er god grunn til å tru at den vanlege lesaren får mange aha-opplevingar. Dessutan er boka rikt illustrert med fotografi og teikningar som stør opp om teksten.

For det aller meste er bortimot rett. Med det er mykje sagt om boka. Ho byggjer på ein kåseriserie om oslonamn i NRK Østlandssendinga. Det er ikkje noko i vegen for å kåsera om stadnamn, men dette kan vera ein farleg framgangsmåte dersom forma kjem til å skyggja for innhaldet. Ynsket om å gjera stoffet underhaldande har gjort at forfattaren strekkjer materialet ut over det han har grunnlag for. Han kan tala om «teorier» når det i realiteten er tale om opphavssegner eller reine påstandar. For *Mærradalen* (s. 13) ved Røa kan ein velja mellom tre «teorier»; ein var at munkane frå klosteret på Hovedøya var her og plukka sjeldsynte urter og tok til å kalla staden «‘Mariæ dalr’, noe folk ikke skjønnte og heller oversatte til det nærmeste som liknet på norsk: ‘Mærradalen’». Ein kan spørja kvar kjelda til dette er å finna. Same slags metode finn ein ved *Nakkholmen* (forfattaren skriv «Nakkholmen»), som «har hele tre mulige forklaringer», nemleg ‘nakkebær’, ‘knauset øy’ og ‘bratt’. «Vær så god og velg», seier forfattaren! Hadde han slege opp i *Stadnamn fraa Oslofjorden* av Gustav Indrebø (oppført i litteraturlista), ville han ha sett at ordet *nakke* ‘bergskolt’ ligg til grunn. Då kunne

han ha vore spard for flausar som «det gammelnorske ordet for bratt var *nakkin*». Ei anna forbløffande tolking får me av *Manglerud* (s. 85): «Det kommer antakeligvis fra mannsnavnet Magni, dvs. ryddet av Magne. Muli-gens kan det også bety ‘stor rydning’ og stammer i så fall fra ‘magnum’ (stor)»!

Namnet *Oslo* er naturlegvis med i samlinga (s. 15), og her burde ein venta større kjeldekritikk etter all diskusjonen som har vore om namnet i seinare år. I dag bør det vera klart at namnet *Oslo* har ei språkleg sett plausibel forklaring som ei samansetjing av norrønt *áss* ‘gud’ og *ló* ‘engslette ved vatn’. Når forfattaren dreg ‘den lune vika’ inn som ei alternativ forklaring, er det å føra lesarane på villspor. Det gamle plassnamnet *Holstein* (s. 40) vert kommentert slik: «Om framtidsutsiktene virket mørke og magen var tom, kunne man i alle fall gi stua et stort navn. Stua som Alf Prøysen kom fra, var navnsatt ut fra samme lengsel. Og det tysk-danske Holstein var et passelig svulstig navn å ha.» Det dreiar seg slett ikkje her om at ein har sett seg om etter eit «svulstig» namn. Jamvel om den nøyaktige bakgrunnen for *Holstein* ikkje er lett å slå fast, veit ein ut frå liknande namn at det er tale om eit slags «samtdsnamn» med bakgrunn i krigar eller hendingar som desse landskapa var involverte i. Namna oppstod på folke-munne og vart ikkje gjevne av dei som budde på plassen.

Under *Dalerud* (s. 83) hevdar forfattaren at førestavinga kjem frå «dolin, som betyr ‘dal’, og kan fortelle at det var en bonde fra en av dalene omkring som ryddet plassen». Dette er neppe dokumentert, og «dolin» (av *dalvin*) har ingenting her å gjera. Endå verre vert det når *Dælenenga* vert forklart som «engen som deler» (s. 126). *Dælen* i *Dælenenga* er tvillaust eit gammalt *vin*-namn der forleddet er ei omlydd form av *dal*, altså eldre \**Dalvin*. Dette ville ein kunna sjå i standardverket *Norske Gaardnavne* av Oluf Rygh (tilgjengeleg på internett, [www.dokpro.uio.no/rygh\\_ng/rygh\\_felt.html](http://www.dokpro.uio.no/rygh_ng/rygh_felt.html)). Om *Lindern* (s. 79) vert det sagt at det er samansett av trenamnet *lindarin* og *vin*. Nei, *Lindern* er ikkje trenemne, men ei samansetjing av *lind* i genitiv og *vin*, som altså har gjeve *Lindern*. Slike unøyaktige forklaringar møter ein ofte. *Økern* (s. 81) vert sett til norrønt *Æylrvin* [!], noko som vonleg kan vera ein rein trykkfeil for *Øykrin/Eikar-vin*. Inkonsekvente skrivemåtar dukkar jamt opp, som *Nordtvedt* og *Rødtvedt*, men derimot *Bredtvet* (s. 76). *Vøien* (s. 52) skal skrivast *Vøyen* (jf. skiltet med *Vøyenbrua*). Namnet er forklart av «det norrøne ordet *Vadini*, der Vad er å vasse eller vade». Dette er ei samansetning av norrønt *vað* og *vin* der forleddet er eit substantiv som tyder rett og slett ‘vadestad’. Ein støyter ofte på range norrøne grunnformer, t.d. skriv forfattaren at *Bjølsen* (s. 78) går attende på norrønt «*Bjordsvin*», det rette er *Bjørðsvin*. Under *Tonsen* (s. 80) vert det vist til «norrønt» *ftorn*, det rette er *þorn*.

Som nemnt ser det ikkje ut til at forfattaren har nytta *Norske Gaardnavne* som kjelde, men lista over «Kilder og inspirasjon» inneheld m.a. standard-



verk som *Norsk stadnamnleksikon*, skrive «stadnavnleksikon», *Stadnamn fraa Oslofjorden* av Gustav Indrebø (skrive «Indrebo») og nettstaden til Statens kartverk og Stadnamntenesta til Språkrådet.

Det er synd at ei bok som i utgangspunktet er så lesarvenleg og interessevekkjande, er skjemd av ein ukritisk omgang med kjelder og namnefagleg kunnskap. For kunnskapen er der, det er berre å nytta han ut. Før det eventuelt vert gjeve ut eit nytt opplag, vil eg sterkt rå til at forfattaren og forlaget engasjerer ein namnefagleg konsulent (t.d. Bjørn Eithun, som sjølv er oslomann og har skrive hovudoppgåve om stadnamn i det bynære området).

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## NY UTGAVE AV BOK OM NAVN I OSLOFJORDEN

Tore Ness: *Navn i fjorden*. 2. utg. Orion forlag, Oslo 2008. 144 sider inkl. faksimile og register.

*Navn i fjorden* er ei fin, lita bok om stedsnavn i indre del av Oslofjorden som kom i ny utgave i år. Første utgave fra 1996 trengte oppdatering, og den var kanskje for lengst utsolgt også. Stedsnavn er et spennende fagområde som engasjerer mange. Denne boka er god formidling av kunnskap som ellers ikke er så lett tilgjengelig.

De fleste av oss som ferdes i det aktuelle området, ikke minst de på egen kjørl, kan ikke unngå å legge merke til alle navna som finnes på kartet, mer eller mindre forståelige. Mange er gamle, noen veldig gamle, andre relativt nye. *Middagsbukta* er et eksempel på det siste, et navn mange kjenner. Det er av nyere dato og har i bruk fortrent et eldre, *Langårsundet*. *Middagsbukta* var visstnok til å begynne med navn på den åpnere delen av sundet mot nordøst.

I arbeid med stedsnavn er det nødvendig med kunnskap, nysgjerrighet og fantasi. Men fantasien må ikke tøyes for langt. I boka nevnes at *Konglungen* i Asker kanskje kan ha hatt et eldre navn som språklig kan ha hatt noe med *kuml* å gjøre, et gammelt ord for hedensk gravminne, gravhaug. Men det blir nok litt vel fantasifullt å forbinde navnet med sommerlige haugskyer, *cumulusskyer*! Det er mye å undres over. Hvorfor heter det *Borøya*, *Daggerskjæret*, *Danmark*, *Dyna*, *Holsa*, *Kavringen*, *Malmøykalven*, *Møkkalassa*, *Ostøya*, *Snarøya*, *Tjuvholmen* og *Vendelsundet*? Hvordan har de kommet i bruk, og hva kan de bety? I denne boka finnes svar.

Det er ofte strid om hvordan navn skal skrives. Nye skriveformer fører ikke sjelden til bitre konflikter. Det er ikke så merkelig, for språk er vane,

og det er naturlig å reagere på endringer i det en er vant til. Men det er i mange tilfelle behov for endringer. Feilskrivning må rettes opp, og problemet med å gi muntlig overleverte navneformer best mulig uttrykk i skrift er ikke alltid så enkelt. Forfatteren nevner den strålende glede statens navnekonsulent viste da en gammel fisker hadde nevnt navnet *Bånnefjorden* for han. Mange kjenner andre former, ikke minst i skrift: *Bundefjorden*, *Bunnefjorden* og *Bonnefjorden*, det siste flere ganger nevnt tidlig på 1800-tallet, ganske sikkert uttalt med *å*-lyd. Navnet har høyst sannsynlig tilknytning til en plass innerst, lengst sør i fjorden som lokalt var uttalt *bånn*, av eldre *botn*. Skriftforma *Bonnefjorden* er i samsvar med gammel nedarva uttale her. Både *Bundefjorden* og *Bunnefjorden* i skrift blir *bunnefjor(e)n* i tale og blir på sett og vis et annet navn. *Hovedøya* har høyst sannsynlig ikke fått dette navnet først og fremst fordi det skulle være noen hovedøy, den viktigste øya. Forfatteren viser til en uttale *huøya* som han hadde hørt fiskeren Christian Gulbrandsen fra Bleikøya bruke. Det er helt i samsvar med uttale notert på slutten av 1800-tallet. Det gamle norske ordet *høfuð* 'hode' uttales på disse kanter *hue*. Det er sannsynlig at navnet er gitt etter utseendet på den høyeste toppen av den østlige delen av øya, en hodeform, altså et sammenlikningsnavn. *Hoved* og *hode* er på norsk to forskjellige ord. Veldig kort sagt er også dette et eksempel på forskjell mellom dansk-norsk skrift og lokal norsk uttale. For femti år siden gikk en drabelig strid helt til Høyesterett om skrivemåten av gårdsnavnet *Ost* på *Ostøya* og selve øynavnet, *Oust* eller *Ost*. Her har vi gammel skrivemåte fra mellomalderen og vår tids lokale uttale i motsetning til dansk-norsk skrivemåte. Skrivemåten av navn på øyer, fjorder, fjell, tettsteder og gårder er én ting og ingen privatsak, skrivemåten av familienavn en annen.

I vår tid er det det ikke mange som gjennom levende tradisjon har direkte kjennskap til gamle navneformer i fjorden. Vi må ty til kartet og kan håpe at mest mulig av gamle former er kommet med. Det er verdifullt at forfatteren i første utgave fikk bekreftet opplysninger fra gamle fiskere som nå er borte. Vi andre må bare være takknemlige for at forskere som Oluf Rygh (bl.a. *Norske Gaardnavne*) og Gustav Indrebø (bl.a. *Stadnamn fraa Oslofjorden*) fikk nedtegna og utgitt så mye som de gjorde. Og hos dem kan vi i tillegg finne forklaring på hva de fleste av navna kan bety. Tore Ness refererer særlig til *Stadnamn fraa Oslofjorden*, men har også egne forklaringer.

Det er mange fine fotografier i boka, både av eldre og nyere dato. Det er også mye luft omkring teksten, så boka er innbydende å bla i. En fin ting er også at forfatteren bak i boka har tatt med grunnmuren så å si for navnetolkningene, en noe forminska faksimile av de aktuelle delene av *Stadnamn fraa Oslofjorden*. Det er en smart idé, for den boka er ellers ikke lett tilgjengelig. Mange av oss drar videre utover fjorden med båtene våre mot den sørlige delen av Vestfjorden, Håøya, Gråøya, Sandspollen og enda videre, men det ville kanskje sprengte rammene for denne boka å skulle

inkludere navn fra Røyken og Hurum også. På østsida av fjorden ferdes også mange, men navn fra Nesodden er ikke med. Mange kunne nok tenkt seg å vite litt om *Blylaget*, *Husbergøya*, *Ildjernet*, *Krøklegrunnen*, *Steilene*, *Suteren* og flere. Et trøstens ord til dem vil være at de vil finne svar i fullformatet av *Stadnamn fraa Oslofjorden*.

Forfatteren har heldigvis vært påpasselig med å lage register; det er viktig i ei bok som dette, og her er også referanser til alle fotografiene.

Bjørn Eithun  
bjeit@online.no

### NY UTGÅVE AV NORRØN ORDBOK

Leiv Heggstad, Finn Hødnebo og Erik Simensen: *Norrøn ordbok*. 5. utgåva av *Gamalnorsk ordbok* ved Hægstad og Torp. Det Norske Samlaget, Oslo 2008. 755 sider.

Det seier litt om den posisjonen denne ordboka har innanfor studiet av norrønt at ho har kome i ikkje mindre enn fem utgåver sidan *Gamalnorsk ordbok* i 1909 og i tillegg i fem «ubrigda» opptrykk, av dei tre opptrykk berre dei seinaste femten åra. Altså har både forlag og redaksjon all grunn til å feira hundreårsjubileet i 2009. Ein skulle ikkje tru at ein liten salsmarknad som den norske åleine kunne forklara desse salstala, og slik er det heller ikkje. På baksida vert det sagt i eit kulepunkt at ordboka vert brukt ved universitet og høgskular over heile Norden.

For namnegranskarar er ordboka eit heilt nødvendig hjelpemiddel, både til opplysningar om det belagde ordtilfanget i norrønt, om bøyingssystem, tydingar og ikkje minst skriftfeste stadnamn og personnamn før 1350 normaliserte til klassisk norrønt. Eit par døme syner det. Garden Fakstad i Sand finst ikkje lenger som eige bruk, men namnet er belagt i forma *Faxstaðir* i ordboka med opplysninga «m.pl.g. (no Skeie?) i Sand, Rog., G10 353». Tilvisinga er til *Norske Gaardnavne* bd. 10, s. 353. Dei noverande bruka Skeie, Hauga og Berge utgjer gardsvaldet til mellomaldergarden Fakstad. *Jelsa* er både gardsnamn og soknenamn som er belagt i norrønt i den oblike forma *Jalsa* til *Jalsi*, som i *Norsk stadnamnleksikon* har fått ei stjerneform \**Jalsi*, men står utan stjerne i ordboka. Tydinga er usikker. Me set pris på at redaktøren har valt å halda på den gamle heradsinndelinga, som gjev meir presis geografisk informasjon. Både Fakstad i Sand herad og Jelsa i Jelsa herad ligg i noverande Suldal kommune.

Personnamnet *Kleng* finn me i den norrøne forma *Klœingr*, i tidlegare utgåver skrive *Klœ(i)ngr* som i *Norsk personnamnleksikon*. Den mest synlege

endringa i 5. utgåva er at grafemet *æ* for lang *ø* er bytt ut med *ó*, med dei følgjane det får for redigeringa. Markeringa av lang *ø* med aksent rettar seg dermed etter systemet med markering av lengd i andre vokalar som alt er gjennomført i ordbøker, grammatikkar og normaliserte norrøne tekstar. Den tidlegare forma *Klæ(i)ngr* er vidareført i parentes.

Med grunnlag i nyare forskning er ord strokne, nye komne til og definisjonar omredigerte og stundom gjorde meir utførlege. Den latinske terminologien for dyre- og plantenemne er ajourført etter praksis i norsk fagmiljø. Dei tidlegare utgåvene gav relativt få bøyingsopplysningar til nokre grupper av substantiv. I denne utgåva er dette prinsippet gjennomført meir konsekvent, særleg i oppføringa av feminine i-stammar.

Frå 3. utgåva har særmerkte nynorskord vorte omsette til bokmål i hakeparentes av omsyn til ikkje-norske lesarar, t.d. «nasen [nesa]», «audmykje [ydmyke]», «i nærleiken [nærheten]». Eit liknande redigeringsprinsipp har eg ikkje sett i andre ordbøker. Ei meir nærliggjande og naturlegare løysing, og ikkje minst mindre arbeidskrevjande, ville vera å leggja til ei eiga ordliste på eit par sider med forklaringar til særmerkte nynorskord. Eg tvilar på om danske eller svenske lesarar lettare vil forstå *nesa* enn *nasen*. Lesarar som gjev seg i kast med ei norrøn ordbok, skulle ein tru hadde eit språkleg grunnlag som gjorde slike ordforklaringar unødvendige.

Denne utgåva er ikkje mykje utvida, på omslaget både i 4. og 5. utgåva står det at talet på oppslagsord er godt 40 000. I føreordet vert det sagt at det er lagt til ord frå dei utkomne banda av *Ordbog over det norrøne prosasprog* (København 1995–), det vil seia ord frå *a* til *eptir* innanfor tidsramma før 1350 som *Norrøn ordbok* dekkjer.

Det hemmar lesinga at forlaget har knipe formatet så mykje saman at teksten går for langt inn i ryggsprekken. Denne sprekkmarginen er rett og slett for smal.

I denne utgåva viser leieorda øvst til venstre og høgre på kvar side mekanisk berre til hovudartiklar og ikkje til samansette ord der det første ordet ikkje er ført opp att. Det gjev seg uheldige utslag mange stader, t.d. på side 192 der leieordet viser til *Fyrisdalr* midt i 2. spalta og ikkje til det samansette ordet *-líta* for *fyrirlíta*, som er det første ordet på sida. I den førre utgåva viser leieorda også til samansette ord.

Den 5. utgåva, som er «umvølt», men ikkje særleg «auka», er like uunnverleg som ho alltid har vore, ikkje minst for namnegranskarar. Erik Simensen har gjort det faglege arbeidet med revisjonen.

Olav Veka  
veka@online.no

## **NORSK ORDBOK TIL MUGETUFT**

*Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Band VII. l-mugetuft.* Det Norske Samlaget, Oslo 2008. 1638 spalter + XII sider.

Band 7 av *Norsk Ordbok* (NO) låg føre i 2008 i samsvar med utgjevingsplanen som må følgjast strengt dersom heile serien på tolv band skal vera komplett til grunnlovsjubileet i 2014. Ingenting tyder på at målet ikkje vert nådd. Hovudredaktørar for dette bandet har vore dei same som for band 6, Oddrun Grønvik, Laurits Killingbergtrø og Lars S. Vikør, med tillegg av Dagfinn Worren.

Heile 29 redaktørar har skrive ordartiklar til band 7, ei blanding av røynde leksikografar og yngre filologar med den nyare mastergraden. NO er eit omfattande prosjekt både leksikografisk, økonomisk og praktisk, og som ein viktig sideeffekt vil prosjektet når det er fullført, ha utdanna ei stor gruppe leksikografar som forskning, forlag og filologien generelt vil nytta godt av i mange år framover.

Det er vel hovudredaktørane som ber ansvaret for konsekvens i redigeringsprinsipp og målform når 29 medarbeidarar skal skriva etter same mal og ikkje minst følgja nynorskrettskrivinga av 1938 med markørformer som *Mellomhavet* (i dag berre *Middelhavet*) og *serleg* (i dag klammeform). Mange av medarbeidarane har knapt nynorsk til hovudmål, og endå færre er så gamle at dei har lært 1938-normalen i skulen. Heller ikkje i band 7 har eg notert døme på manglande konsekvens i redigeringsprinsipp, trykkfeil eller språklege normbrot, men for all del, ingen les ordbøker frå perm til perm. Lesinga vert små dykk og ein sjeldan gong djupdykk, i mylderet av opplysningar. I eit intervju i nr. 4/2008 av *Statsspråk*, bladet for godt språk i staten, seier ordbokredaktør Boye Wangenstein (*Bokmålsordboka, Tanums store rettskrivningsordbok*) om ordbokredigering at «feil er uunngåelig, dessverre». På ein måte kjekt å høyra for oss andre i ordbokbransjen som slit med «uforklarlege» feil i ordbøker. NO kan ikkje tillata seg å gjera slike feil fordi verket er på ein måte endeleg, det vil ikkje komma i nye og reviderte, dvs. retta utgåver. Omfanget er for svært til det; einaste trøysta vil i tilfelle vera rettingar i ein nettversjon.

Om ein ikkje finn feil, kan ein peika på ord som burde ha vore med. Det gjer alle som omtalar ordbøker. Eg trudde eg hadde funne eitt då *latalurk* 'lathans' ikkje stod oppført på rett plass, men jau, det står under den normaliserte forma *latlurk* med geografisk heimfesting til Sand (i Ryfylke), som er så rett som det kan vera, men språkpsykologisk er ikkje *latlurk* og *latalurk* same ordet. Det må seiast at *lat(a)lurk* ikkje akkurat er noko medieord, 0 treff på Google. Same normaliseringsproblemet finn ein i *lia(r)hest* 'hak-

kespett', oppført under forma *lihest*, som knapt nokon frå Ryfylke ville slå opp på. Bindevokalen i ord av denne typen er tydelegvis normalisert bort.

Korkje *latlurk* eller *lihest* er ord som høyrer heime i reklameverda, derimot gjer *minnepinne* det, etter engelsk *memory stick*, som viser kor godt oppdatert NO er. Dette frekvente ordet med 13 200 treff på Google har ikkje fått plass i *Nynorskordboka* eller *Bokmålsordboka*, derimot i *Tanums*. Ordet har i fleire år tevla med *minnepenn*, som eg har eit inntrykk av vert stadig meir frekvent trass i berre 3950 Google-treff. Tida vil vise kva ord som til slutt vinn, dersom ikkje tingen forsvinn først! Det sviv fort rundt i den digitale verda.

NO er ein uvurderleg ressurs også for namnegranskarar. Ikkje så få gonger har eg fått spørsmål om kva førsteleddet i stadnamnet *Lyubakken* tyder, ein parallellveg til mi adresse i Ringsaker. NO har svaret «**lyu** f sjå I *løe*», ei jamningsform av norrønt *hlaða* 'løe', med heimfesting nettopp til bygdene på austsida av Mjøsa. Spørsmål dei siste dagane har eg også fått om dei lokale orda *kå* 'venda høy som ligg til tørk på bakken', som var framme i eit fjernsynsprogram, og *dovning* om 'dugnad' frå ei bygdebok. I begge tilfella er det berre å slå opp i band 6 og 2 av NO som har fyldige svar.

Tydinga av stadnamnledd kan naturleg nok endra seg gjennom hundre-åra. Tydingsomfanget til ordet *land* i dag er knapt identisk med norrønt *land* i tida mellom ca. 500 og 1000 då mellomaldergardane vart rydda. I tre spalter og seks tydingspunkt går NO grundig gjennom tydingane av *land* i nynorsk tid til stor hjelp for namnegranskarar som dermed får slike namnledd vitskapleg definerte. Mest aktuelt for stadnamn er tyding 4: «(dyrka) jordstykke el mark (som eigedom) (Vanl)», men i namnetypen *Sandslandet*, dvs. den delen av garden Sand som ligg ned mot fjorden, er tydinga 2 b: «kant av el (bratt) side langs fjord, vatn og innsjø, serleg (men ikkje berre) sett frå det våte elementet; (òg:) flatt område langs kanten av det våte elementet; strand». Så kronglut må det vel seiast for at presisjonsnivået skal verta høgt nok. Andre viktige namnledd som finst definerte i dette bandet, er *lauk*, *lein*, *leite*, *lende*, *li*, *lon*, *lund*, for å nemna nokre.

Og *mugetuft*? Det er faktisk slik at dei fleste ryggorda på banda hittil er så lite kjende at ein må slå opp i boka: «stad der det har legi ein muge med høy». Og så må du kanskje leita etter *muge*: «dunge el haug, t d av gras, høy el møk».

Olav Veka  
veka@online.no

## NYTT NUMMER AV *ONOMA*

*Onoma. Journal of the International Council of Onomastic Sciences* vol. 40 (2005). Red. av Grant W. Smith og Friedhelm Debus. Uppsala [2008]. 395 sider.

Årgang 40 av *Onoma* har no kome ut, med amerikanaren Grant W. Smith og tyskaren Friedhelm Debus som gjesteredaktørar. Ordninga med gjesteredaktørar har no vart ei stund og gjort at tidsskriftet har fått ei meir gjenomarbeidd form. Dessutan er det innført ein praksis med tematiske utgjevingar. Årgang 39 hadde namnegransking og undervisning som tema (redigert av Botolv Helleland), medan nr. 40 er vigd litterær onomastikk. Nr. 41 vil ha namneteori som tema (under redaksjon av Richard Coates). Som det går fram av dei bibliografiske opplysningane ovanfor, dekkjer den nyutkomne årgangen 2005, så utgjevinga ligg framleis fleire år på etterskot.

*Onoma* 40 dreiar seg altså om litterær onomastikk og er delt i to bolkar. Den fyrste inneheld elleve engelskspråklege artiklar, dei fleste av amerikanske forfattarar, medan den andre inneheld åtte artiklar med «kontinental-europeisk» bakgrunn. Av desse er to på engelsk, to på fransk og fire på tysk. Vår eigen Benedicta Windt har fått plass i den fyrste bolken med artikkelen «An overview of literary onomastics in the context of literary theory». Andre oversynsartiklar er «Schliesslich... Beschäftigung mit Namen in der Literatur» (Bill Nicolaisen), «Einleitung zu den kontinental-europäischen Beiträgen» (Friedhelm Debus), «Les études d'onomastique littéraire française occitane» (Pierre-Henri Billy), «Les noms et ses fonctions dans les études onomastiques en Italie» (Bruno Porcelli/ Leonardo Terrusi), «The study of names in Dutch literary works: a bibliographical introduction» (Karina van Dalen-Oskam), «Literary onomastics in Poland. The history of Polish research and its perspectives» (Irena Sarnowska-Giefing) og «Literarische Onomastik in Russland: Versuch eines Portraits» (Natalija Vasil'eva). Elles vert namnebruken studert i einskilde forfatterskapar som i J. K. Rowlings *Harry Potter* (Alleen Pace Nilsen og Don L. F. Nilsen), Margaret Atwoods *The handmaid's tale* (Thomas Henthorne), Jane Austens romanar (Herbert Barry III) og fleire andre.

Denne årgangen vil sikkert gje ein framskuv i interessa for litterær onomastikk, ikkje minst i dei nordiske landa der dette emnet ikkje har vore emne for særleg mange studiar. Medlemer i ICOS får boka tilsend gratis, andre kan tinga henne hjå forlaget Peeters i Leuven, Belgia, sjå <http://poj.peeters-leuven.be>.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## OMTALAR AV HOVUD- OG MASTEROPPGÅVER

## HOVEDOPPGAVE OM SAKRALE STEDSNAVN

Kristin Sundve Sannan: *Sakrale stedsnavn i Østfold i forskningshistorisk lys*. Hovedoppgave i nordisk, Universitetet i Oslo, våren 2007. 219 sider.

Sakrale stedsnavn, som her skal forstås som navn som reflekterer førkristen kult, hører til de aller mest omstridte emner i nordisk navneforskning. Mye er skrevet om sakrale navn i de siste 150 år. Og denne omfangsrike litteraturen er altså valgt som studieobjektet for hovedoppgaven til Kristin Sundve Sannan. Hovedproblemstillingen er formulert slik: «Hvordan har forskningen på førkristne, sakrale stedsnavn utviklet seg fram til våre dager?» (s. 8 f.). Spørsmålet blir først belyst gjennom en bredt anlagt forskningshistorisk oversikt (kapittel 3), deretter mer spesielt og inngående i en nærstudie av hvordan de tre hovedaktørene Oluf Rygh, Magnus Olsen og Kåre Hoel har behandlet spørsmålet i sine sentrale verk (kapittel 7). Det er denne komparative undersøkelsen av tre forskere i hver sin tidsperiode som utgjør hovedtyngden i oppgaven.

Det materialet som er valgt ut, består av 54 navn i Østfold: *Asak, Elgetun, Elgtun, Elingård, Elmark, Elnes, Forsetlund, Frøhol, Frøland, Frøshov, Frøylandir, Gudim* (2 g.), *Gudum, Gusland, Guslund, Gustvet, Helgedal, Hof, Horgen, Hov* (6 g.), *Hovin* (2 g.), *Hovland, Igsi, Jerberg, Lundestad, Lystad, Nærum, Óðinssalr, Onsøy, Onsåker, Ryggiøf, Tésalir, Torsnes* (2 g.), *Tose, Tosebygda, Ullerøy, Ultvet, Valaskjol, Vang* (2 g.), *Vangsbrekke, Vedal, Vedalr, Velund, Vesten og Ælin* (s. 47 f.).

Kriteriet for utvelgelsen er at navnene «framstilles, vurderes eller overveies som sakrale i oversiktsframstillinger over norsk sakralt stedsnavnmateriale *enten* av Oluf Rygh (1880) *eller* av Magnus Olsen (1915 og 1922)» (s. 15). Siden Magnus Olsen er den forskeren som har gått lengst i å tolke et sakralt innhold i navn, blir det i hovedsak Olsens oppfatninger som danner premissene for utvelgelsen. Sannan bruker en del plass på å diskutere begrepet 'sakralt navn'. Hun støtter seg her i det vesentligste til en modell av Håkan Rydving (1990), som opererer med tre underkategorier: *teofore*, navn som inneholder et gudenavn; *kultiske*, navn der etterleddet betegner plass for kult; *teofore og kultiske* (f.eks. *Frøshov*).

I kapittel 7, det desidert lengste (s. 50–184), går forfatteren systematisk gjennom tolkningene til Rygh, Olsen og Hoel. Ofte er de tre samstemte i sine vurderinger. For eksempel regner alle tre *Nærum* og *Frøshov* som sakrale. Spesielt for Olsen er at han vil se et mulig sakralt innhold i langt flere navn enn Rygh, som f.eks. i det frekvente navneleddet *vang*. Sannan kommer fram til at 57 % av de 54 navnene havner i sakral gruppe hos Rygh; 88 % hos Olsen. Forfatteren er selvsagt klar over problemene med å uttrykke



forskjeller i tallverdier på et materiale som jo ikke bare består av klassifiseringer, men vel så mye av mer eller mindre flytende vurderinger. Men uansett hvordan en snur og vender på det, havner den seineste forskeren, Kåre Hoel, i en mellomstilling. Hoel er også den av de tre som blir vanskeligst å vurdere, fordi han i større grad utviser en åpen og spørrende innstilling til tolkningen av mange navn.

Opgaven åpner med en innledning som kort og konsist gjør greie for problemstilling og valg av område, dessuten litt om disposisjon og kilder. Resten av de første femti forberedende sidene har et innhold som etter kapittelinnstillingen er slik: 2. Metode; 3. Forskningshistorisk oversikt; 4. Terminologi, typologi og inndeling av sakralt stedsnavnmateriale; 5. Materialet fra de ulike verkene; 6. Østfold fylke. Her er stoffet ikke alle steder like godt strukturert. Noe uheldig er det at terminologikapitlet blir presentert *etter* metode og forskningshistorisk oversikt. Begrepsapparatet, terminologien, er et nødvendig verktøy som de forskningshistoriske og metodologiske delene selvsagt må få nytte godt av. I denne avhandlingen har forståelsen av begrepet 'sakralt navn' (med underkategorier) avgjørende betydning for utvelgelsen og vurderingen av materialet; men siden de terminologiske presiseringene ikke er gjort tilgjengelige for leseren i løpet av metodekapitlet, får dette et ufullstendig preg over seg. Viktige deler av metodologien må gjenopptas, i en mer avklarende form, to kapitler lenger ute. Denne komplikasjonen ville en ha unngått dersom kapittel 4 hadde vært kapittel 2.

Den tilnærmingen vi finner i Sannans avhandling, er typisk forskningshistorisk. Siden avhandlingen drøfter hvordan forskjellige forskere til ulike tider har tolket de samme språklige levningene, kan vi si at avhandlingen nærmer seg en resepsjonsteoretisk tilnæringsmåte. Innenfor litteraturvitenskapen har resepsjonsforskningen fått et solid fotfeste i løpet av de siste tretti år. Innenfor onomastikken er retningen fremdeles utradisjonell.

Kristin Sundve Sannans arbeid er preget av grundighet og store fagkunnskaper. Dette kommer til uttrykk i alle deler av avhandlingen; men i det leseverdige kapittel 3, «Forskningshistorisk oversikt», får denne brede innsikten utløp i en særlig konsentrert form.

Så vidt vites, har forfatteren skrevet en artikkel basert på de viktigste resultatene for publisering i *Namn og Nemne*. Dermed får flere enn de som leser selve hovedoppgaven, del i den.

Vidar Haslum  
vidar.haslum@uis.no

## HOVUDOPPGÅVE BASERT PÅ NYINNSAMLA STADNAMNMATERIALE

Leif André Løkke: *Stedsnavn fra Rønneldfjordingen i Skjeberg*. Hovudoppgåve i nordisk, Universitetet i Oslo, våren 2007. 108 sider.

Denne hovudoppgåva representerer den klassiske tradisjonen i norsk namnegransking med djupinnsamling av materiale, systematisering og teoretisk behandling av stoffet. Forfattaren har samla og drege fram i lyset 761 stadnamn frå Rønneldfjordingen i Skjeberg i noverande Sarpsborg kommune. Noko oversynskart over området finn lesaren dessverre ikkje. Innsamlingsområdet ligg innanfor gardsnr. 1080 til 1106. Matrikkelgardar eller nyare bruk er ikkje lista opp særskilt.

Omfanget av oppgåva er på 108 sider, men teoridelen utgjer berre 14 sider. I innleiinga skriv forfattaren om bakgrunnen for arbeidet der han dreg linjer til Indrebøs klassiske «Stadnamni i ei fjellbygd». Han sluttar seg til Indrebøs metode, som han meiner er like aktuell i dag. Forfattaren strekar under kor viktig slik grunninnsamling er, særleg i våre dagar med eit kommersielt språkpress og endringar i jordbruket med påfølgjande namnetap. Kunnskap om lokal namnekultur vil kunna føra til eit meir lokalt basert namneverk i t.d. bustadfelt. Forfattaren håpar at arbeidet hans kan rydda litt opp i manglande konsekvens i skrivemåten av namn på det økonomiske kartverket.

Namnesemantikk er drege fram som eit sentralt tema, inspirert av Kurt Zilliacus' framstilling i *Forska i namn* (2002). Det vert lagt vekt på at ein må sjå namna i ein namngjevingssituasjon. Namn med same form kan ein godt oppfatta som ulike namn sidan namngjevaren ikkje kvar gong er i ein identisk namngjevingssituasjon. Som døme på det nemner forfattaren dei tretten namna *Fjøsjordet*. Dessutan kan namn med same form ha ulik tyding om ulike lokalitetar, som t.d. *Grønnli* både om ein skogsteig og ein husmannsplass.

Forfattaren kjenner området og talemålet godt. Det viser han i drøftinga av varierende uttale, normering og val av lydskriftteikn.

Inndelinga av materialet følgjer Zilliacus' typeinndeling med hovudgruppene 4.1 *Basisnavn*, 4.2 *Navn dannet med eksisterende stedsnavn* og 4.3 *Navn dannet av et eksisterende stedsnavn med et bestemmelsesledd i tillegg*. Som døme på vidare inndeling kan nemnast undergruppene 4.1.1 *Egosentriske navn*, 4.1.2 *Ordinære toleddete navn* og 4.1.3 *Assosiative navn*. Egosentrisk tyder 'sjølvsentrert' og er vel ikkje noko anna enn det som elles vert kalla usamansette namn av typen *Bakken*, *Beitet*, *Berger* osv.

Forfattaren definerer sjølv egosentriske namn som «navn som er dannet ved at et appellativ er tatt i bruk som navn uten tillegg». Her finn me namn som *Bingen*, *Brottet*, *Bråten*, *Furumoen*, alle markørnamn for denne delen

av landet. I lista finst nokre fleirledda namn av typen *Blomsterberget*, *Furumoen* og *Vassmyra*, som forfattaren oppfattar som appellativ og ikkje samansette namneformer. Også i gruppe 4.1.2 finst avstikkande namnetypar som burde vore kommenterte særskilt, som *Andre sida av jernbanen*, *Brent av* og *Sønnafor*. Ingen av desse namna kan oppfattast som «ordinære» toledda namn.

Dei aller fleste namna inneheld ord som er kjende frå det allmenne ordtilfanget, men lokale særpreg finst som ventande er, representert ved t.d. *Demmene* av *demma* ‘vannpytt, dam’, *Madet* av *mad* ‘bløtt lende’ og *Slora* av *slor* ‘en lang myr’.

Namneforma *Løen* er spesiell, ei uttaleform av *lund* (liten skog). Eit stykke austlandsk nydyrkingshistorie kan ein lesa av heile seks namn *Nybrottet* og to *Nylendet*, og slitet med vassjuk jord i området i ni namn *Myra*. Gammalt næringsliv speglar seg av i *Brenneridammen* og *Sagtomta*, påfallande er samansetjinga *Sagaløkka* med bunden form av eit substantiv i det første leddet.

Karakteristiske namn i ei gruppe som forfattaren kallar assosiative namn, er *7. juni 1945* og *Tyskland*, men *Tranget* om ein smal passasje høver ikkje like godt inn her.

Ei eiga gruppe *Konnekterende navn* forklart med at «basisnavn knyttes sammen med et eksisterende stedsnavn», er meir uklart avgrensa, med døme som *Biås* og *Bolettegrinda*, men dei aller fleste av dei 168 namna i denne kategorien fell godt inn i definisjonen.

Heilt til slutt kjem ei kort oppsummering av arbeidet. Lista over *Muntlige informanter* som avsluttar hovudoppgåva, inneheld 41 namn. Alle som har drive djupinnsamling av stadnamn til eit forskingsarbeid, veit kor tidkrevjande og arbeidskrevjande det er. Ære vere dei som tek utfordringa mest hundre år etter Indrebøs mønsteravhandling og kastar nytt lys over lokal språkkultur og historie og lokalt arbeidsliv.

Olav Veka  
veka@online.no

## PERSONNAVNSKIKK I KRISTIANSAND OG PÅ HAMAR

Stine Albæk Christensen: *Aanen og Annar – en komparativ undersøkelse av personnavnskikken i kystbyen Kristiansand og innlandsbyen Hamar 1850–1900*. Masteroppgave i nordisk, Universitetet i Oslo, våren 2008. 123 sider.

Som tittelen sier, er målsettingen med dette arbeidet å redegjøre for personnavnskikken i de to byene Kristiansand og Hamar og å «avdekke eventuelle

forskjeller», fokusert særlig på det kandidaten kaller «regionale forskjeller», i langt mindre grad på sosiale forskjeller.

Strukturen i avhandlingen er grei; den er inndelt i åtte kapitler av høyst ulik lengde. I kapittel 2 redegjør forfatteren kort for teori og metode, mens kapitlene 3 og 5 omtaler de sosiale forholdene i de to byene. Innholdsmessig og med tanke på omfanget ligger avhandlingens kjerne i kapitlene 4 og 6, der navn og navnebruk i de to byene drøftes inngående. Men det er en vesentlig forskjell på de to kapitlene. Hele manns- og kvinnenavnsforrådet for Kristiansand gjennomgås på nærmere førti sider, men ved gjennomgangen av personnavnforrådet i Hamar i det samme tidsrommet blir det hele tiden foretatt sammenlikninger med funnene i Kristiansands-materialet. Det kan muligens virke noe forvirrende og gir de to kapitlene et visst asymmetrisk preg.

De to siste kapitlene drøfter for det første variasjonen mellom de to materialene, fem sider, egentlig et sammendrag av den fortløpende sammenlikningen som hun foretar i kapittel 6, og i det siste kapitlet redegjør hun på ti sider for dobbelt- og trippelnavn i materialet.

Etter mitt skjønn er det verdifullt at vi for første gang får en reell oversikt over personnavnene i de to byene i siste halvpart av 1800-tallet. Hennes materiale består av 2100 løpenavn båret av knapt 1700 personer, og hun har inndelt dem i tradisjonelle kategorier som «nordiske navn», «bibelske navn» osv. Men hun inndeler videre materialet i nye undergrupper som «tyskklingende navn» og «engelskklingende navn», og etter mitt skjønn er det ofte vanskelig å håndtere slike *ad hoc*-inndelinger. Riktig nok er den alminnelige fagterminologien på feltet flytende, men for eksempel kategorier som «arvenavn og nylaginger» stilt i motsetning til «navn fra sagalitteraturen» kunne med fordel vært bedre begrunnet, og – kanskje viktigere – forankret i annen personnavnforskning.

Av de mest interessante funnene i materialet er at mannsnavn som *Artur/Arthur*, *August* og *T(h)omas* er navn med relativt sett høy frekvens i Kristiansand, men som mangler i Hamar-materialet, og tilsvarende er mannsnavn som *Martinius*, *Fridthjof* (o.l.) og *Gullbrand* relativt frekvente i Hamar, men mangler i Kristiansand. Ulikhetene mellom de to byene kommer enda sterkere fram når det gjelder kvinnenavnene. Kristiansands-materialet omfatter minst tjue leksikalske kvinnenavn som ikke er representert i Hamar-materialet, blant de mest frekvente er *Josefine/Josephine/Jusefine*, *T(h)omine*, *Ragnhild*, *Alma*, *Gurinel/Gorine*, mens Hamar-materialet omfatter minst ti leksikalske kvinnenavn som ikke finnes i Kristiansand, som f.eks. *Bert(h)e*, *Emma* og *Lina*.

Interessante funn legges fram i kapitlet om dobbelt- og trippelnavn. For det første viser det seg som ventet at fenomenet dobbeltnavn står noe sterkere blant kvinner enn blant menn, men skilnadene er ikke særlig markerte innenfor hver av byene. Derimot er den regionale skilnaden ganske klar.

Vel en fjerdedel av kvinnene i Kristiansand bærer dobbeltnavn, det samme gjelder for mennene i byen, mens det er bare vel 1 på 7 kvinner i Hamar som bærer dobbeltnavn, og det samme er tilfelle for mennene. Kandidaten har også undersøkt «hvilken rekkefølge navna får i en navnerække», det vil si stavelsesantallet i det første navnet og i det andre navnet i en navnestreng. For mennenes vedkommende viser det seg at fordelingen mellom lett + tung, altså at det første navnet har færre stavelser enn det andre, og likevektskombinasjon, altså like mange stavelser i begge navnene, er omtrent fifty–fifty. Derimot kan det for kvinnenes vedkommende påvises en klar overvekt av kombinasjonen lett + tung, rundt regnet tre ganger så vanlig som likevektskombinasjonen.

Stine Christensens masteravhandling gir oss ny innsikt og kunnskap om norsk fornavnshistorie i andre halvpart av 1800-tallet, en periode da det foregikk betydelige samfunnsendringer, og den viser at det er mulig å få formidlet dette innenfor rammen av kravene til omfang og tidsrammer for den nye masteravhandlingen. Ikke minst gir denne oppgaven kjærkomne eksempler på personnavngeografien i siste halvdel av 1800-tallet, et navnefaglig felt som venter på en helhetlig undersøkelse.

Ole-Jørgen Johannessen  
ole-jorgen.johannessen@lle.uib.no

## NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI

### NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 2007

Norsk namnebibliografi femner um namnefaglege arbeid av norske granskarar og arbeid av utlendske granskarar når dei tek upp norske namn eller melder norske publikasjonar. Bibliografien byggjer på litteraturupplysningar som redaksjonen sit inne med, og gjer ikkje krav på å vera fullstendig. Titlar som ikkje er komne med, kann takast med i bibliografien til neste år.

Klaus Johan Myrvoll  
k.j.myrvoll@iln.uio.no

Alhaug, Gulbrand. A comparison of first names in Norway and Sweden during the 20th century. I: *Proceedings of the 21st International Congress of Onomastic Sciences. Uppsala 19–24 August 2002*. Bd. 3. Red. Eva Brylla og Mats Walberg. Uppsala, s. 15–33.

- . Dagny og Hjørdis i Trondheim etter oppføringa der av Hærmændene paa Helgeland i 1859. I: *Ola-boka. Venneskrift til Ola Stemshaug etter eit år som 70-åring 20. januar 2007*. Red. Arnold Dalen. Trondheim, s. 14–16.
- . [Melding av] *Person- og stadnamn under den nordiske namne-  
renessansen. Rapport frå NORNAs 34. symposium, Dømmesmoen 10.–  
12. september 2004*. Red. Gudlaug Nedrelid og Tom Schmidt. Kristian-  
sand 2005. *Studia anthroponymica Scandinavica* 25, s. 150–154.
- . [Melding av] *Person- og stadnamn under den nordiske namne-  
renessansen. Rapport frå NORNAs 34. symposium, Dømmesmoen 10.–  
12. september 2004*. Red. Gudlaug Nedrelid og Tom Schmidt. Kristian-  
sand 2005. *Namn och bygd* 95, s. 138–140.
- Andersen, Birger Alfred. Sofieskjær – et interessant stedsnavn ved Onsøy-  
landet. *Varden* 2007 (utg. av Onsøy Historielag), s. 25–27.
- . Hasakatten, Partleberget, Pirakken og Østento – lokale navn på  
fjellpartier i Onsøy. *Varden* 2007 (utg. av Onsøy Historielag), s. 57–59.
- Andersson, Thorsten. Al- i ortnamn. *Namn och bygd* 95, s. 5–13.
- Aune, Kolbjørn. Ei namnevandring og sauen Helle. I: *Ola-boka. Venne-  
skrift til Ola Stemshaug etter eit år som 70-åring 20. januar 2007*. Red.  
Arnold Dalen. Trondheim, s. 17–18.
- . Skjerak. Eit gammalt plantenamn i Snillfjord. *Årbok for Fosen*  
2007, s. 171–174.
- Berezkina, Maimu. Uoffisielle stedsnavn i Oslo. *Nytt om namn* 46, s. 99–  
102.
- Bjorvand, Harald og Fredrik Otto Lindeman: Über ‘Schaum’ und ‘Getöse’  
und Namen von Inseln, Seen und Fjorden. *Historische Sprachforschung*  
120, s. 285–300.
- Dalberg, Vibeke. Roger Lockertsen: *Namnet på byen Trondheim. Ei språk-  
historisk og faghistorisk tilnærming*. Disputas for graden dr.philos. Uni-  
versitetet i Bergen 8. september 2006. Førsteopponent Vibeke Dalberg.  
*Namn og Nemne* 24, s. 8–21.
- Ellingsve, Eli Johanne. *Finn et fyr. A Guide to the Norwegian Lighthouses*.  
Trondheim: Tapir akademisk forlag. 256 s.
- Ford, Ann-Turi. Hvorfor heter det Skoklefall? *Akershus Amtstidende* 21.  
februar 2007. [Kjelde: Margit Harsson]
- . Hvorfor heter det Langebåt? *Akershus Amtstidende* 24. august  
2007. [Kjelde: Margit Harsson]
- Haslum, Vidar. Hvordan bør et historielag ta vare på stedsnavn? *Nytt om  
namn* 46, s. 102–105.
- . Navneskikk og personnavn-utvikling i Birkenes, Herefoss og  
Vegusdal. *Birkenes Historielag. Årsskrift* 26, s. 17–59.

- . *Stedsnavn i Sannidal. En lokalhistorisk innsamling. Tveitereid. Gnr. 52. Sannidal herred, Kragerø, Telemark*. Utg. i samarbeid med Olav Tveitereid og Sannidal historielag. 20 s.
- . *Stedsnavn i Sannidal. En lokalhistorisk innsamling. Leivann. Gnr. 79. Sannidal herred, Kragerø, Telemark*. Utg. i samarbeid med Sannidal historielag. 28 s.
- . [Melding av] *Busetnadsnamn på -staðir. Rapport frå NORNAs 33. symposium på Utstein kloster 7.–9. mai 2004*. Red. Inge Særheim, Per Henning Uppstad og Åse Kari Hansen Wagner. (NORNA-rapporter 81.) Uppsala 2006. *Namn og Nemne* 24, s. 113–115.
- . [Melding av] *Namnesamlingar av Ivar Aasen*. Red. Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset. Bergen 2006. *Studia anthroponymica Scandinavica* 25, s. 147–149.
- Helleland, Botolv. Das norwegische Personennamensystem. I: *Europäische Personennamensysteme. Ein Handbuch von Abasisch bis Zentralladinisch. Anlässlich der 65. Geburtstage von Rosa Kohlheim und Volker Kohlheim*. Red. Andrea Brendler og Silvio Brendler. (Lehr- und Handbücher zur Onomastik 2.) Hamburg, s. 546–561.
- . Eksonym eller endonym? Konferanse i Praha 17.–18. mai 2007. *Nytt om namn* 45, s. 27–30.
- . Ola Stemshaug som namnerøktar. I: *Ola-boka. Venneskrift til Ola Stemshaug etter eit år som 70-åring 20. januar 2007*. Red. Arnold Dalen. Trondheim, s. 6–10.
- . Stadnamnlova – kulturvern eller irritasjon. *Nytt om namn* 45, s. 20–24 (stuttare versjon trykt i *Nationen* 13. juni 2007).
- . [Melding av] *Proceedings of the 21st International Congress of Onomastic Sciences. Uppsala 19–24 August 2002*. Bd. 1 og 2. Red. Eva Brylla og Mats Walberg. Uppsala 2005 og 2006. *Namn och bygd* 95, s. 140–145.
- Hoel, Kåre. *Bustadnavn i Østfold 7. Tune*. Utg. av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag. 448 s.
- Jenstad, Tor Erik. Urbane borgarskapsnamn. [Melding av] Per Olav Tiller: *Fredrikkes fryd og Louises lyst. Natur og kultur i Trondheims stedsnavn*. Oslo 2006. *Nytt om namn* 45, s. 54–55.
- Johannessen, Ole-Jørgen. Tre navn i fjellet. I: *Å sjå samfunnet gjennom språket. Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007*. Red. Gunnstein Akselberg og Johan Myking. Oslo, s. 99–106.
- Korslund, Frode. Gamle sognenavn på -staðir. *Nytt om namn* 45, s. 42–44.
- . Gamle sognenavn på -vin. *Nytt om namn* 46, s. 97–99.
- Krogseth, Otto. Navn og kollektiv identitet. *Nytt om namn* 46, s. 59–63.
- Leira, Vagleik. Sjtokmanfeltet etter retranskripsjon. *Nytt om namn* 46, s. 105–107.

- Lockertsen, Roger. *Namnet på byen Trondheim. Ein språkhistorisk og faghistorisk analyse*. Oslo: Novus forlag. 268 s.
- . Roger Lockertsen: *Namnet på byen Trondheim. Ei språkhistorisk og faghistorisk tilnærming*. Disputas for graden dr.philos. Universitetet i Bergen 8. september 2006. Innleiing ved doktoranden / Svar frå doktorand Roger Lockertsen / Svar til opponent ex auditorio Klaus Johan Myrvoll. *Namn og Nemne* 24, s. 7–8, 28–50 og 61–63.
- Lund, Ellen Marie. Prøveprosjekt: Kontroll av godkjente navneformer. *Nytt om namn* 46, s. 82–84.
- Myrvang, Finn. Tengel- og Dingel- i stadnamn. I: *Ola-boka. Venneskrift til Ola Stemshaug etter eit år som 70-åring 20. januar 2007*. Red. Arnold Dalen. Trondheim, s. 19–23.
- . Fjellnamnet Børra. *Håløygminne* 22, s. 193–204.
- . Tallause stadnamn? *Håløygminne* 22, s. 235–239.
- . Øyar, fjell og låglende med namn på -und. *Håløygminne* 22, s. 253–262 og 265–288.
- Myrvoll, Klaus Johan. Roger Lockertsen: *Namnet på byen Trondheim. Ei språkhistorisk og faghistorisk tilnærming*. Disputas for graden dr.philos. Universitetet i Bergen 8. september 2006. Opposisjon ex auditorio: Klaus Johan Myrvoll. *Namn og Nemne* 24, s. 51–61.
- Nilsson, Leif. Vad heter *Norge* på olika språk? [Melding av] Vagleik Leira: *Geografiske navn i flere språk*. Oslo 2006. *Nytt om namn* 45, s. 57–59.
- Ouren, Jørgen. *Den store norske navneboka*. Skrevet i samarbeid med Geir Tunby. Oslo: Kagge forlag. 272 s.
- Reisæter, Guro. Innvandrarar og namneval i Tromsø – vidareføring eller tilpassing? *Nytt om namn* 46, s. 41–50.
- . Name choices in bilingual families in Norway. I: *Proceedings of the 21st International Congress of Onomastic Sciences. Uppsala 19–24 August 2002*. Bd. 3. Red. Eva Brylla og Mats Walberg. Uppsala, s. 281–289.
- . [Melding av] Eva Villarsen Meldgaard: *Ordbog over muslimske fornavne i Danmark*. København 2006 (PDF). *Studia anthroponymica Scandinavica* 25, s. 137–138.
- Rindal, Magnus. Roger Lockertsen: *Namnet på byen Trondheim. Ei språkhistorisk og faghistorisk tilnærming*. Disputas for graden dr.philos. Universitetet i Bergen 8. september 2006. Andreopponent Magnus Rindal. *Namn og Nemne* 24, s. 21–27.
- Schmidt, Tom. Nordisk namnforskning 2006. 2.5. Norge. *Namn och bygd* 95, s. 102–106.
- Stemshaug, Ola. Jørn Sandnes 1926–2007. *Nytt om namn* 45, s. 35–38.
- . Jørn Sandnes 3/5 1926–12/4 2007. *Namn och bygd* 95, s. 83–89.
- Strandberg, Svante. [Melding av] Inge Særheim: *Stadnamn i Rogaland*. Bergen 2007. *Namn och bygd* 95, s. 156–157.



- . [Melding av] *Ola-boka. Venneskrift til Ola Stemshaug etter eit år som 70-åring 20. januar 2007*. Trondheim 2007. *Namn och bygd* 95, s. 135–136.
- Supphellen, Steinar. Minneord om Jørn Sandnes. *Heimen* 2/2007, s. 83–84.
- Særheim, Inge. *Stadnamn i Rogaland*. Bergen: Fagbokforlaget. 302 s.
- . Personen- und Ortsnamen. I: *Altnordische Philologie. Norwegen und Island*. Red. Odd Einar Haugen. Berlin, s. 433–482.
- . «Segjer dei Sørbrød, Folk der burte?» Person- og miljøskildrande namnebruk i Arne Garborgs diktning. *Sjå Jæren. Årbok for Jærmuseet* 2007, s. 125–146.
- . Urbane namn og kulturell identitet. Offisiell namngjeving i ein europeisk kulturhovudstad. *Namn og Nemne* 24, s. 65–81.
- . [Melding av] *Namn och runor. Uppsalastudier i onomastik och runologi till Lennart Elmevik på 70-årsdagen 2 februari 2006*. Red. Lena Peterson, Svante Strandberg og Henrik Williams. Uppsala 2006. *Namn och bygd* 95, s. 133–135.
- Utne, Ivar. [Melding av] Jørgen Ouren: *Den store norske navneboka*. Oslo 2007. *Namn og Nemne* 24, s. 115–120.
- Veka, Olav. Internasjonalt leksikon over stadnamnledd. [Melding av] Joel F. Mann: *An International Glossary of Place Name Elements*. Lanham – Toronto – Oxford 2005. *Nytt om namn* 45, s. 56–57.
- . Stadnamnleksikon for Rogaland. [Melding av] Inge Særheim: *Stadnamn i Rogaland*. Bergen 2007. *Nytt om namn* 46, s. 107–110.
- . Ny namnebok. [Melding av] Jørgen Ouren: *Den store norske navneboka*. Oslo 2007. *Nytt om namn* 46, s. 111–113.
- Venås, Kjell. Målgranskaren Ivar Aasen. Tekster av Ivar Aasen i eit verk på ti band. [Melding av] *Skrifter frå Ivar Aasen-selskapet*. Serie A: Tekster 1–10. Red. Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset. Bergen 1992–2006. *Maal og Minne* 1/2007, s. 88–98. [«Særskilt om band 9», *Namnesamlingar av Ivar Aasen*, s. 93–95.]
- Vollestad, Jana Liepina. Etternavn i Latvia. *Nytt om namn* 45, s. 45–50.
- Wikstrøm, Solveig. Etternavn og identitet. Metode for en undersøkelse. *Nytt om namn* 46, s. 51–59.
- Windt, Benedicta. Navn og identitet i litterære kontekster. *Nytt om namn* 46, s. 71–79.
- . Navn og navnebruk i *Fortællingen om Viga-Ljot og Vigdis* – et eksempel på anvendt litterær onomastikk. *Namn og Nemne* 24, s. 83–111.
- Aarebrot, Frank. Navneforskning og samfunnsforskning. *Nytt om namn* 45, s. 51–53.

**2006 – tillegg**

- Bjorvand, Harald. Skåne. *Namn och bygd* 94, s. 15–23.
- Hallberg, Göran. [Melding av] Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold 6. Askim*. Utg. Margit Harsson. Oslo 2005. *Namn och bygd* 94, s. 159–160.
- Harsson, Margit. Kugga og Kuggerud, ei elv og ein gard. *Namn och bygd* 94, s. 137–139.
- Haslum, Vidar. [Melding av] *Namnens dynamik. Utvecklingstendenser och drivkrafter inom nordiskt namnskick. Handlingar från den trettonde nordiska namnforskarkongressen i Tällberg 15–18 augusti 2003*. Red. Staffan Nyström. Uppsala 2005. *Namn och bygd* 94, s. 168–174.
- Leibring, Katharina. [Melding av] Gulbrand Alhaug: *Fornamn i Noreg frå 1900 til 1975 – med vekt på endringar i namnemønsteret*. Oslo 2004. *Namn och bygd* 94, s. 143–146.
- Nedrelid, Gudlaug og Tom Schmidt. Nordisk namnforskning 2005. 2.5. Norge. *Namn och bygd* 94, s. 123–128.
- Sandnes, Berit. Stol ved veien og spekk i dalen? Endringer i stedsnavn og annet språklig materiale. *Namn och bygd* 94, s. 71–85.

## NASJONALE KONFERANSAR I NAMNEGRANSKING KONFERANSERAPPORTAR

1. Nasjonal konferanse i namnegransking. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.) 68 sider.
2. Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.) 93 sider.
3. Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.) 120 sider.
4. Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.) 194 sider.
5. Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn.) 149 sider.
6. Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.) 146 sider.
7. Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1993. Stadnamn og kulturlandskapet. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1995.
8. Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1996. Namnegransking som studie- og undervisningsfag. Seksjon for namnegransking. Institutt for nordistikk og litteraturvitskap. Universitetet i Oslo 1997. 169 sider.
9. Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking, Blindern 11. – 12. mai 2000. Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo 2000. 226 sider.
10. Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo. 130 sider.
11. Den 11. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 10. november 2006. Personnamn og personnamnbruk i kronologisk, geografisk og sosialt perspektiv. Foredraga trykte i *Nytt om namn* nr. 44, s. 8–51, og nr. 45, s. 51–53.

Rapportane frå dei åtte fyrste konferansane kostar kr 60,-, rapporten frå den niande kostar kr 100,- og rapporten frå den tiande kostar kr 70,-. Kan tingast frå Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Postboks 1102 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: [kristoffer.kruken@iln.uio.no](mailto:kristoffer.kruken@iln.uio.no).

## NYTTIGE E-POSTADRESSER OG VEV-SIDER

Norsk namnelag har denne heimesida:

**[www.norsknamelag.no](http://www.norsknamelag.no)**

Vil du ha e-post-kontakt med redaksjonen av *Namn og Nemne*, så er adressa denne: **[gunnstein.akselberg@lle.uib.no](mailto:gunnstein.akselberg@lle.uib.no)**

Vil du tinga bøker og skrifter frå Namnegransking, kan du skriva, ringja, faksa eller senda e-brev til:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Boks 1102 Blindern, 0315 Oslo  
Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: **[kristoffer.kruken@iln.uio.no](mailto:kristoffer.kruken@iln.uio.no)**

Seksjonen har denne heimesida:

**[www.hf.uio.no/iln/forskning/forskergrupper/namn/](http://www.hf.uio.no/iln/forskning/forskergrupper/namn/)**

Dokumentasjonsprosjektet har denne heimesida:

**[www.dokpro.uio.no](http://www.dokpro.uio.no)**

Statens kartverk, Hønefoss, har denne heimesida:

**[www.statkart.no](http://www.statkart.no)**

Sentralt stadnamnregister:

**[ngis2.statkart.no/norgesglasset/default.html](http://ngis2.statkart.no/norgesglasset/default.html)**

Internettadresse for dei viktigaste nordiske namneinstitutta og kartverka:

Danmark: **[navneforskning.ku.dk](http://navneforskning.ku.dk)**, **[www.kms.dk](http://www.kms.dk)**

Færøyane: **[www.setur.fo/00474](http://www.setur.fo/00474)**, **[www.matrikul.fo](http://www.matrikul.fo)**

Finland: **[www.kotus.fi/svenska](http://www.kotus.fi/svenska)**, **[www.nls.fi](http://www.nls.fi)**

Island: **[nefnir.is](http://nefnir.is)**, **[www.lmi.is](http://www.lmi.is)**

Sverige: **[www.sofi.se](http://www.sofi.se)**, **[www.lantmateriet.se](http://www.lantmateriet.se)**

Heimesida åt NORNA (nordisk samarbeidskomité for namnegransking):

**[www.norna.org](http://www.norna.org)**

Heimesida åt ICOS (International Centre of Onomastics):

**[fuzzy.arts.kuleuven.ac.be/icosweb/](http://fuzzy.arts.kuleuven.ac.be/icosweb/)**

Heimesida åt UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names):

**[unstats.un.org/unsd/geoinfo/](http://unstats.un.org/unsd/geoinfo/)**